



Innkalling

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Kommunestyresalen
Dato:	20.06.2019
Tid:	Kl. 13:00

Gyldig forfall skal snarast meldast til Inger Johanne E. Løeng på telefon 911 08 618 eller Inger.johanne.loeng@orsta.kommune.no, om kallar inn vara. Forfallet skal grunngjevast.

Varamedlemar møter berre etter eiga innkalling.

Medlemar som er inhabile i ei sak vert bedne om å gi melding, slik at varamedlemar kan kallast inn.

Møtet er ope for publikum, bortsett frå når det eventuelt skal behandlast saker som er unnatekne offentleg innsyn.

Orienteringar:

- **Oppstart revisjon folkehelseoversikt** v/Ingvild Endal, folkehelsekoordinator
- **Trafikktryggingsplan** v/Dag Jarle Aa, prosjektingeniør
- **Forprosjekt basseng** v/seksjon eigedom
- **Tussa AS** v/Elling Dybdal, konsernsjef

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
35/19	Godkjenning av innkalling og sakliste	19/10699
36/19	Referatsaker	19/10699
1	Ørsta - Protokoll frå kontrollutvalsmøtet 27.05.2019	19/10513
2	Frå Kontrollutvalet - Sentrumstomtene i Ørsta sentrum, attendekjøp - vurdering	19/10529
3	Vedtak - Beredskapsplan ØK Delplan for førebygging, avgrensing og handtering av alvorlege hendingar i barnehagar og skule	19/10309
4	Beredskapsarbeid for kommunale vassverk i Ørsta kommune	19/10529
5	Tildeling av tilskot - ladepunkt kommunale tjenester	19/10405
6	Rett til nynorske digitale læremiddel	19/10539
37/19	Vedtak av områdeplan for Ørsta sentrum	19/10011
38/19	Tertialrapport april 2019	19/10328
39/19	Vartdal skule - Ekstra løyving til brannsikring og ventilasjonsanlegg	19/10152
40/19	Omdisponering av budsjettmidlar	19/10292
41/19	Investeringsplan 2020 - 2029	19/10321
42/19	Låneopptak i Søre Sunnmøre IKT	19/10610
43/19	Slutthandsaming - Detaljreguleringsplan for Hjortelegene	19/10003
44/19	Reguleringsplan på Standaleidet - Myklebustsetra - Myklebust setremark	19/10001
45/19	Fastsetting av planprogram - kommunedelplan for klima og energi	19/10188
46/19	Sluttrapport Dalane barnehage	19/10293

Ørsta 13.06.2019

Stein Aam
Ordfører

Saksnr.	Utval	Møtedato
35/19	Kommunestyret	20.06.2019

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksnr.	Utval	Møtedato
36/19	Kommunestyret	20.06.2019

Referatsaker

Saksnr.	Utval	Møtedato
1	Kommunestyret	20.06.2019

Ørsta - Protokoll frå kontrollutvalsmøtet 27.05.2019

Vedlegg:

Ørsta - Protokoll frå kontrollutvalsmøtet 27.05

Saksnr.	Utval	Møtedato
2	Kommunestyret	20.06.2019

Frå Kontrollutvalet - Sentrumstomtene i Ørsta sentrum, attendekjøp - vurdering

Saksnr.	Utval	Møtedato
4	Kommunestyret	20.06.2019

Beredskapsarbeid for kommunale vassverk i Ørsta kommune

Saksnr.	Utval	Møtedato
5	Kommunestyret	20.06.2019

Tildeling av tilskot - ladepunkt kommunale tjenester

Saksnr.	Utval	Møtedato
6	Kommunestyret	20.06.2019

Rett til nynorske digitale læremiddel

Vedlegg:

192572 Uttale Retten til nynorske digitale læremiddel må sikrast



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
61/19	Formannskapet	11.06.2019
37/19	Kommunestyret	20.06.2019

Vedtak av områdeplan for Ørsta sentrum

Samandrag:

«Skriv her»

1. **Rådmannen si tilråding:**

Ørsta kommunestyre syner til framlegg til områdereguleringsplan for Ørsta sentrum og til innkomne merknader ved offentlig ettersyn. I samsvar med pbl § 12-12 vert områdereguleringsplanen vedteken slik den ligg føre på plankart 2015009-01A, sist revidert 16.04.2019, med tilhøyrande føresegn sist revidert 23.04.2019.

2. På grunn av at motsegn frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal vedkomande støy ikkje er avklara, vert bustadføremålet for dei kombinerte områda som ligg innanfor omsynssone H210_2 og H220 unnateke rettsverknad inntil det ligg føre avklaring på motsegn gjennom mekling eller ved avgjerd i departementet. Dette gjeld likevel ikkje område BKB6, der støysituasjonen er tilstrekkeleg avklara. Dersom kommunen får gjennomslag for sitt syn, får rådmannen fullmakt til å rette opp planen i samsvar med dette.
3. På grunn av at kommunen ikkje har fått stadfesting frå Riksantikvaren på at motsegnene knytt til automatisk freda kulturminne vert trekte, vert områda merka #14, #15, #16 og #17 unnateke frå rettsverknad. Når det ligg føre avklaring frå Riksantikvaren, og dersom denne inneber at motsegnene vert trekt, får rådmannen fullmakt til å rette opp planen i samsvar med dette og på dei vilkår Riksantikvaren krev.

Vedlegg:

Plankart korrigerert for motsegner 23.04.19

Plankart komplett (ink. dei områda som er omfatta av motsegn)

Føresegn 23.04.19

Planomtale 23.04.19

Oppsummerte merknader med kommentarar

Alternativvurdering kryssløysingar mot Vikeøyrane

Alternativvurdering kryssløysingar E39 AH-gate

E-post sendt 25.04.2019 - Reguleringsplan for Ørsta sentrum - ODINHJØRNET. Utending bør stansast

Presentasjon FSK 11.06.19

Merknad SVV

Merknad ALTI

Tilleggsmerknad Tindebygget

Saksopplysningar:

I 2010 vart det starta ein stor prosess med revisjon av fleire overordna planar. Ørsta kommunestyre gjorde m.a. vedtak om å starte revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel. Samfunnsdelen fastsette strategiar for å vidareutvikle sentrum. I 2013 vart det sett i gang eit felles utviklingsprosjekt med Volda kommune, der målet var å lage ein strategi for funksjonsdeling mellom tettstadsentra og Hovdebygda/Furene. Samstundes starta arbeidet med kommunedelplan for Ørsta sentrum og Hovdebygda, der eit viktig mål var å fastsetje ny trase for E39 utanfor Ørsta sentrum. Dette var eit avgjerande grep for å kunne opne for nye løysingar i sentrum. Når den gamle sjølina var fjerna sette ein i gang arbeidet med ny/revidert stadanalyse. For å legge strategiar for korleis Ørsta sentrum skulle utvikle seg vidare vart Ørsta kommune ein av fem norske deltakarar i den internasjonale arkitektkonkurransen European 13. Det vart levert 20 bidrag til prosjektet i Ørsta, og det var ei gruppe på tre danske arkitektar som vart kåra til vinnar av konkurransen. Desse starta arkitektgruppa FELT, som fekk i oppdrag å vidareutvikle sitt bidrag til ein utviklingsplan for Ørsta sentrum. Denne vart vedteken av kommunestyret i oktober 2016, og dannar det viktigaste grunnlagsdokumentet for områdereguleringsplan for Ørsta sentrum.

Gjennom heile prosessen har det vore eit viktig og godt samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune ved tettstadskoordinatoren. Dette samarbeidet vert vidareført også i gjennomføringsfasen som vil følgje etter at reguleringsplanen er vedteken. I samband med arkitektkonkurransen og arbeidet med utviklingsplanen var det gjennomført omfattande medverknadsprosessar.

I samband med handsaminga av utviklingsplanen den 27.10.2016, gjorde kommunestyret følgjande vedtak av utviklingsplanen og oppstart av områdeplanen:

Kommunestyret ser på Utviklingsplanen for Ørsta sentrum som eit viktig og godt grunnlag i det vidare arbeidet med tettstadsutvikling i Ørsta sentrum. Planen er utvikla i samarbeid med innbyggjarane gjennom fleire medverknadsprosessar. Samarbeid med kommunen sine innbyggjarar, næringsliv, grunneigarar og private lag og foreiningar må stå sentralt også i framtidige prosessar knytt til vidare planlegging og gjennomføring. Planen vert eit viktig underlag m.a. for arbeidet med komande revisjon av reguleringsplan for sentrum. Kommunestyret ber rådmannen følgje dette opp ved å starte opp arbeidet med reguleringsplan for sentrum så raskt som råd.

Planarbeidet vart forvarsla den 19.11.2016. Det har seinare vore varsla tre mindre

utvidingar av planområdet.

Den 17.04.2018 gjorde Ørsta formannskap følgjande vedtak om utlegging til offentlig ettersyn:

Ørsta formannskap, som planutval, syner til framlegg til områdeguleringsplan for Ørsta sentrum. Planframlegget slik det ligg føre på plankart 2015009_01, datert 11.04.2018 og med tilhøyrande føresegn datert 16.04.2018, skal leggest ut til offentlig ettersyn i minimum seks veker frå kunngjeringsdato.

Planframlegget låg ute til offentlig ettersyn i perioden 21.04. – 15.06.2018. Kommunen har motteke 47 merknader til planframlegget. Det har vore gjennomført naudsynte avgrensa høyringar av justeringar etter offentlig ettersyn. Samtlege merknader er oppsummerte og kommenterte i dokumentet «merknader etter 1. gongs offentlig ettersyn – med kommentarar» (vedlagt). På grunn av omfanget av merknader er ikkje merknadane vedlagt i si fulle form. I tabellane der merknadane er oppsummerte og kommenterte er det sett inn ein referanse til saksnummer og dokumentnummer, dersom det skulle vere ønskjeleg å sjå enkelte av merknadane i fullform.

Vurdering og konklusjon:

Frå offentlege mynde er det lagt ned totalt 16 motsegner til planframlegget:

- Møre og Romsdal fylkeskommune: tre til automatisk freda kulturminne, tre til nyare tids kulturminne
- Statens vegvesen: ni motsegner til løysingane for E39 gjennom Ørsta sentrum.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal: ei motsegn knytt til handtering av vegtrafikkstøy.


Motsegnene knytt til nyare tids kulturminne er løyste etter mindre justeringar/presiseringar. Det har vore gjort arkeologiske registreringar i fleire område, og det er gjort fleire funn. Etter dialog med kulturavdelinga i fylkeskommunen er det no søkt dispensasjon for dei fleste av funnområda. Nokre kan truleg frigjevast utan vilkår, medan det for nokre av områda truleg vert stilt utgravingskrav. Handsaminga hjå Riksantikvaren er ikkje ferdig. Dei områda som er omfatta av dispensasjonssøknadane vert difor ikkje gjeve rettsverknad i samband med handsaminga no, i påvente av vedtak frå Riksantikvaren. Rådmannen foreslår at kommunestyret gjev rådmannen mynde til å endre plankart og føresegnar i samsvar med vedtaket frå Riksantikvaren når det ligg føre.

Det har vore lagt fram fleire framlegg til løysingar for Fylkesmannen for å løyse motsegna knytt til støy. Dessverre har ikkje dette ført fram. Ørsta formannskap fatta den 19.03.19 vedtak der ein bad om mekling, men meklinga har førebels ikkje vore råd å gjennomføre. Rådmannen ser det som svært viktig å kunne vedta områdeplanen så raskt som råd for å unngå vidare utsetjingar i konkrete utbyggingsprosjekt. Det vert difor lagt fram eit framlegg til vedtak der budstadsfunksjonen i dei kombinerte områda motsegna omfattar vert unnateke rettsverknad i påvente av endeleg avklaring av motsegn i mekling eller av departementet. Går saka til departementet er det venta å ta minimum eit halvt år. Temaet er vidare omtala til slutt i saksutgreiinga. Støysituasjonen for område BKB6 (Mørebiltomta) er tilstrekkeleg avklara, og Fylkesmannen har akseptert at bustadføremålet vil vere gjeldande for dette arealet.

I tillegg til motsegna knytt til støy har motsegnene frå Statens vegvesen har vore klart mest konfliktfylte, og det har gått med mykje tid gjennom hausten og vinteren for å kome fram til omforeinte løysingar. Konflikten har i stor grad vore knytt til usemje om grepa som er foreslått for E39 må betraktast som miljøgate, slik Statens vegvesen og vegdirektoratet hevda. Til slutt vart det søkt fråvik for å etablere miljøgate, men vegdirektoratet sende deretter søknaden tilbake som uaktuell då grepa som er foreslått er i samsvar med handbøkene og ikkje trengs fråvikshandsamast. På bakgrunn av dette samt nokre andre mindre justeringar er samtlege motsegner frå Statens vegvesen no trekte.


Å gjengi alle merknader i saka ville ha vorte for omfattande. Det er utarbeidd eit eige dokument med utdrag av kvar ein skild merknad og med kommunen si vurdering som ligg vedlagt saka. Ei oppsummering av justeringane som er gjort etter offentlig ettersyn går fram av lista til slutt i saka. Rådmannen vel likevel å nemne nokre merknader det er knytt spesiell merksemd eller prinsipielle spørsmål til:

- Eigarane av Tindebygget har kome med merknader til det nye vegsambandet mellom E39 og Vikeøyranane. Dei meiner krysset og vegen bør flyttast då den tek av parkeringsplassar på deira grunn. Det er utarbeidd ei alternativvurdering som vurderer fordelar og ulemper. I samband med dette er krysset justert litt, slik at ulempene vil verte mindre. Avkøyrsla til Tindebygget ligg i dag på kommunal eigedom. Det må kunne føresettast at eigedomen i framtida innrettar avkøyrsla si slik at den ligg på eigen grunn. Med den løysinga som no er innarbeidd i framlegget, vil tap av parkeringsplassar verte minimalt om ein også tek med i vurderinga dei ekstra p-plassane som er teke inn i planen sør for Vikeelva som ein kompensasjon. Eigarane av Tindebygget er likevel kritiske til løysinga som ligg føre. Rådmannen meiner det er svært viktige offentlege omsyn for sentrumsutviklinga som må vegast opp mot ønsket frå eigarane av tomta. Rådmannen vurderer også ulempene som no står att for eigedomen/område BKB16 å vere så vidt avgrensa, at løysinga tvillaust er til meir gagn enn skade. Det vert vidare vist til kommunen sin kommentar til merknaden i vedlagt notat.



- Det har vore stilt spørsmål knytt til behovet for ein gangveg mellom Bakkolamarka og Langebakkane/Simahaugen. Fleire av grunneigarane i området meiner at dette behovet ikkje står i forhold til ulempene dei vert påførde. Det har vore høyrte fleire alternative løysingar for gangvegen og køyrevegen på Langebakkane, to av dei mest aktuelle er vist under. Den viktigaste skilnaden er plasseringa av

gangvegen mellom Bakkolamarka og Langebakkane. I alternativet til høgre er plasseringa av gangvegen god med tanke på gangtilkomst mellom Bakkolamarka og Simahaugen, men den føreset at ein større del av køyrevegen på Langebakkane vert privat – noko grunneigarane ikkje ønskjer. I figuren til venstre er gangvegen plassert i nedre del av Langebakkane, og er ikkje like god med tanke på gangtilkomst mellom Bakkolamarka og Simahaugen. Denne løysinga er likevel likare dagens driftssituasjon, og vidarefører prinsippet om offentlig veg ned til enden av gangvegen (som i dag).



Både seksjon for helse- og velferdstenester og eining for kommunalteknikk har vore rådspurt i merknadshandsaminga. Løysinga til høgre er vurdert som best plassering av gangvegen, men løysinga til venstre er også vurdert som akseptabel. Den endelege vurderinga må difor i stor grad baserast på skjøn av fordeling av ulemper og driftsomsyn. Grunneigarane i dei to alternativa ønskjer ikkje å tape grunn til ein slik gangveg, og rådmannen har lagt til grunn at ein ikkje vil finne ei omforeint løysing. Etter ei samla vurdering meiner rådmannen alternativet til høgre gir best måloppnåing. Det er difor denne løysinga som vert fremma til vedtak.

Din Bolig AS har kome med merknader til at byggjeområda på torget ikkje er teke med i detaljhandelsområdet. Dei har utbyggingsinteresser i «Fiskemat-bygget», og meiner forretningsføremålet vil vere viktig mtp. finansiering av utbygging. Dette området var utelate frå detaljhandelssona som eit konkret grep for å styre denne typen verksemd til Vikegata, i staden for å etablere nye konkurrerande lokale. Området vart likevel vist som framtidig detaljhandelsområde den dagen det ville verte behov for det. Dette prinsippet bygger på utviklingsplanen. Rådmannen har vurdert dette på nytt på bakgrunn av merkningen, og konkludert med at faren for at det vert ein vesentleg konkurranse for gågata å utvide detaljhandelssona slik det er bedt om, truleg er avgrensa. Rådmannen rår altså til å justere detaljhandelsgrensa i samsvar med ønsket frå Din Bolig AS. Under er detaljhandelssona vist før (venstre) og etter (høgre) endringa.



Planframlegget bygg på prinsippa i utviklingsplanen for Ørsta sentrum «Nye koplingar i Ørsta». Denne er ei konkretisering og vidareutvikling av vinnarbidraget i arkitektkonkurransen European 13, som hadde tittelen «Connecting Ørsta». Hovudgrepet i utviklingsplanen er å knyte saman dei ulike funksjonane og delområda i sentrum gjennom å definere tre band: «Det urbane bandet», «Parkbandet» og «Idretts- og utdanningsbandet». I tillegg skal den planlagde sjøpromenaden vere eit grep for å knyte saman tettstaden langs sjøen. Mellom andre viktige grep kan nemnast at utvikling av Havtor Hovden-plassen som eit «sentrum i sentrum». Med «shared Space»-areal mellom det nye byggesteget på Amfi, over deler av Webjørn Svendsen-gata og gjennom deler av Sjøbrauta til Vikegata, skal dette skape integrasjon mellom Amfi og Vikegata. Haldeplassen og sjøpromenaden vil då også inngå i strategien for å skape attraktivitet og rørslemønster i sentrum som skal bidra til å revitalisere Vikegata. Satsinga på opprusting av Svendsenhagen samt andre tiltak i Vikegata og på Haldeplassen vil vere viktige element i ei slik satsing.


Planframlegget har innarbeidd innspel om ei flytande cruisehamn for mindre cruisebåtar og yachtar som også vil ha ein viktig funksjon som bølgebrytar. Dette vil skape eit skjerma «indre hamnebasseng» som gjev betre vilkår for eit flytande sjøbad som er foreslått i utviklingsplanen, samt flytande restaurant, gjestehamn m.v. Ei eventuell satsing på tradisjonelle cruisebåtar er vurdert, men føresett avklara i framtidig detaljreguleringsplan der dette må avvegast m.a. opp mot ønska arealbruk frå Amfi si side.

Planframlegget opnar for fleire nye byggesteg for Amfi, utbygging av eit nytt «hamnekvartal» og ei ny relativt stor tomt i sentrum mellom Vikeøyane og E39. Felles for desse områda er at det er fastsett rekkefølgekrav om bygging av parkeringskjellalar som skal kompensere for parkeringsplassar som forsvinn på bakkeplan. For dei to første områda er planane for umodne til at det er funne forsvarleg å gje utbyggingsheimel direkte i områdeplanen. Det er såleis føresett detaljreguleringsplan som kan samordnast med detaljplanlegging av prosjekta.

Planframlegget har også innarbeidd innspel om bygging av eit inntil 8 etasjar høgt bustad- og forretningsbygg på Mørebiltomta. Her vil også hovuddelen av parkeringsbehovet verte dekt i parkeringskjellar/parkeringshus. Det var lagt til rette for at prosjektet ville få utbyggingsheimel i områdeplanen utan krav om detaljreguleringsplan. Støy er særskilt omtala til slutt i saksutgreiinga.

Det er innarbeidd tomt for ny vidaregåande skule samanbygd med kommunen sitt eksisterande kulturhus. Det er her naudsynt å utarbeide detaljreguleringsplan samordna med detaljplanlegging av den nye skulen.

Eit område sørvest for Bakk-Ola-marka er endra frå Offentlege bygg/institusjonar til Bustad/tenesteyting. Området har vore regulert til offentlig føremål i gjeldande plan sidan 1978. Størstedelen av arealet er eigd av private. Endringa er i samsvar med innspel frå ein av grunneigarane, som i motsett fall ønskjer arealet innløyst. Tidlegare planføre mål var meint å ivareta framtidige behov knytt til helse. Rådmannen har konkludert med at det er forsvarleg å endre føremålet, då det er andre reserveareal til desse offentlege føremåla både innanfor og utanfor planområdet.



I tillegg til høgbygget på Mørebiltomta er det er opna for bygg i fem etasjar i ein stor del av sentrum. Dette var ei føring frå kommunedelplanen for Ørsta sentrum og Hovdebygda. For nokre område er det sett krav til minimum to etasjar for å sikre at ikkje utnyttingsgrada vert uforsvarleg låg. Også gjeldande reguleringsplan opnar også for meir enn tre etasjar i fleire område i sentrum. Etter forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen § 1-1, skal brannvesenet organiserast og dimensjonerast på bakgrunn av den risikoen og sårbarheita som føreligg. Dette betyr at om kommunen vedtek reguleringsplanen med auka byggehøgder, aukar ein også risikoen som skal leggest til grunn for dimensjoneringa av brannvesenet. Dette hovudsakleg på bakgrunn av at brannvesenet sitt høgdemateriell i dag ikkje gir brukbart tilgjenge for å drive rednings- og slukkeinnsats i bygningar over 3 etasjar. Investeringar for å dekke dette behovet må vurderast i samband med framtidig økonomiplanarbeid.

Tidlegare i tettstadsutviklingsprosessen har det kome innspel om at kommunen bør gjere tiltak for å stimulere til nyetableringar i Vikegata. Innspela gjekk m.a. konkret på at kravet til parkering og frikjøp er svært tyngande og ofte eit konkret hinder for å få til nyetableringar i gata, som i stor grad består av eksisterande bygg med små mulegheiter til å bygge nye parkeringsplassar. Planframlegget inneheld såleis eit unntak frå kravet til parkering for dei bygga som soknar til gata. Området er markert med raud stipla line i figuren til høgre. Unntaket gjeld arbeids- og publikumsføre mål i bygga. Unntaket inneber at dei aktuelle lokala vert fritekne for krav til parkeringsplassar og dermed også slepp å frikjøpe seg slik andre eigedomar i sentrum må gjere. Dette er såleis ei positiv forskjelshandsaming av ulike eigedomar i sentrum for på den måten å kompensere for dei særlege utfordringane som er knytt til å etablere seg i Vikegata. Det har vore kritiske merknader til dette framlegget frå nokre av medlemene i referansegruppa.



Vegsystemet er vesentleg avvikande frå gjeldande reguleringsplan, men bygg i stor grad vidare på eksisterande vegsystem. Det er lagt vekt på å bygge ned den barriereverknaden E39 utgjør der den deler sentrum i to. Det er føresett at E39 i større grad skal utformast på tettstaden sine premissar, og ikkje omvendt. Det er lagt til grunn at fartsgrensa skal reduserast til 40 km/t. Vidare at vegen vert endra frå å vere bygt på vegutforming til gateutforming. Det er innarbeidd framheva kryssingspunkt for mjuke trafikkantar på viktige aksar både over E39 og over Anders Hovden-gata. Det er vidare vektlagt å prioritere omsynet til å betre trafikktryggleikssituasjonen knytt til dei mange viktige funksjonane for barn og unge i området omkring gata, med særleg vekt på Velle barneskule. I krysset mellom E39 og Anders Hovden-gata var det lagt ut to alternative løysingar til offentleg ettersyn. Rådmannen rår til at alternativ ein, med tvungen høgresving inn på E39, vert valt jf. alternativvurdering for kryss mellom E39 og Anders Hovden-gata.

Reguleringsplanen inneheld svært mange element og detaljar som det vil føre for langt å omtale i denne saksutgreiinga. Det vert synt til plankartet, planomtalen samt andre plandokument og hjelpedokument for eit totalt oversyn over framlegget. Med unntak for dei detaljreguleringsplanane som skal utarbeidast i etterkant, markerer denne reguleringsplanen i stor grad overgang frå ein planfase til ein gjennomføringsfase for Ørsta sentrum. Gjennomføring er alt starta opp, mellom anna ved opprusting av Svendsenhagen. Det er også langt på veg ferdig plan for ein aktivitetspark i Vikeparken. Reguleringsplanen gjev det juridiske grunnlaget for både private og offentlege prosjekt, og ikkje minst prosjekt det private og offentlege ved både kommunen og fylkeskommunen må samarbeide om. Fylkeskommunen har vore ein svært verdifull støttespelar i arbeidet så langt, og det er pårekneleg at fylkeskommunen også vil vere det i arbeidet med satsinga på sentrumsutvikling vidare.

Det er utarbeidd eit oversyn over aktuelle prosjekt som eit hjelpemiddel i kommunen si vidare planlegging og prioritering. Førebels inneheld denne 27 prosjekt. Som ei oppfølging av tettstadsprosjektet og denne reguleringsplanen, må kommunen arbeide vidare med samarbeid med innbyggjarar, grunneigarar og investorar, med fylkeskommunen, og med eiga satsing gjennom budsjettarbeid og prioritering av andre ressursar. Skal tettstadsprosjektet lukkast, er dette viktige og kritiske suksessfaktorar.

Konsekvensar av planframlegget er utgreidd i plandokumenta.

Endringar/justeringar:

- Endra krav til leikeplassar og uteopphaldsareal, slik at dei er meir konkrete
- Justert kart og føresegn i samsvar med motsegner knytt til nyare tids kulturminne

- Auka køyrebanebreidde på E39 til 3,25 m (i samsvar med krav til 50 km/t i ny handbok N100)
- Nytt rekkefølgekrav til stenging av eks kryss mellom E39 og Webjørn Svendsengata før opparbeiding av SKI2
- Fjerna busslomme og kantstopp mellom Vikegata og Webjørn Svendsengata
- Justert utforming/utstrekning av SKI2 og 3
- Justerte busslommer på Ose jf. motsegn frå SVV.
- Utvida fortau ved gnr/bnr 47/66 jf. motsegn frå SVV
- Målsett rundkøyeringar
- Teke inn krav til vurdering av luftkvalitet ved utbygging nærare enn 11 m frå vegkant på E39
- Utarbeidd nytt støykart og knytt omsynssone med bestemmelsar til raud og gul sone
- Supplert planomtalen med omtale av klimatilpassing.
- Utarbeidd alternativvurdering for trafikksituasjonen ved Velle skule. Konkludert med å gå vidare med alt. 1 ved offentleg ettersyn (tvungen høgresving)
- Endra gnr/bnr 15/152 til privat parkeringsplass i samsvar med dagens bruk
- Justert løysing for gangveg og eigarform på køyreveg på Langebakkane
- Endra utforming av gangvegar i området mellom Bakkolamarka, Langebakkane og Barnas Vel barnehage
- Redusert byggjehøgde for BS16 frå 18 m til 15 m
- Nokre mindre justeringar ved BKB11 jf. merknadshandsaming
- Utvida føremål for BKB13 til også å gjelde forretning
- Redusert detaljhandelssone for deler av gnr/bnr 14/607 på bakgrunn av merknad
- Teke inn unnatak for forbod mot bustad på bakkeplan for BS11 og den delen av BS6 som ligg mot Kyrkjegata
- Utarbeidd alternativvurdering for ny tilkomst til Vikeøyrane. Innarbeidd justert veglinje i plankartet jf. konklusjon.
- Mindre justering av nordleg føremålsgrænse i BKB18
- **Utarbeidd støysonkart og innarbeidd omsynssoner basert på desse. Teke inn naudsynte føresegner. Grep er ikkje endeleg avklara jf. motsegnprosess.**
- Gjort naudsynte justeringar i høve nyare tids kulturminne. Innarbeidd grep i høve automatisk freda kulturminne – avventar handsaming hjå Riksantikvaren
- Gjennomført grunnundersøkingar for å utelukke fare for kvikkleireskred. Fjerna omsynssone og justert ROS-analyse som følgje av denne rapporten.
- Justert detaljhandelssone til å omfatte byggeområda på Torget
- Div. feilretting og mindre justeringar i føresegna jf. merknadshandsaming
- Innarbeidd byggjegrænse på 15 m frå senterlinje E39 på Velle skule

SÆRSKILT OM STØY – MOTSEGN FRÅ FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

Motsegna knytt til støy frå Fylkesmannen har vore særskilt utfordrande å løyse, og er på tidspunktet for utarbeiding av denne saka heller ikkje endeleg avklara.

Kort oppsummert har kommunen fått utarbeidd støyrapport der gul og raud støysoner er definert i sentrumsområdet. Ved å stille funksjonskrav til dette området som ei omsynssone, har kommunen meint at støytemaet er tilstrekkeleg avklara på reguleringsplannivået, og at endelege løysingar knytt opp mot detaljplanlegging og prosjektering av det enkelte byggetiltak kan skje i samband med rammeløyve i byggesak. Det har også vore eit viktig omsyn frå kommunen si side å kunne gje utbyggingsheimel for størst mogleg område i sentrum utan krav om detaljreguleringsplan. Dette for å bidra til rask og føreseieleg prosess for grunneigarar og andre aktørar i sentrum. Fylkesmannen på si side meiner støy må utgreiast på eit så detaljert nivå, at det i praksis inneber krav om detaljreguleringsplan for alle tiltak som omfattar støyfølsam bruk (i hovudsak

bustad) innanfor støysonene. Dette temaet har formannskapet no bedt om mekling for å løyse, om naudsynt må saka til departementet for avklaring. Føresegner og framlegg til vedtak er utarbeidd på denne bakgrunnen, der bustadføremålet i dei kombinerte føremåla innanfor omsynssone vert unnateke rettsverknad i påvente av avklaring av motsegna.

For «Mørebiltomta» (BKB6) sin del, er det i planframlegget innarbeidd eit relativt detaljert framlegg med illustrasjonar, høgder, organisering av byggeareal og uteareal m.a. som er bunde gjennom føresegnene. Når Fylkesmannen si haldning i spørsmålet om støy vart kjent, oppmoda kommunen tiltakshavaren å utarbeide meir detaljert støyrapport som kunne oppfylle Fylkesmannen sine krav til detaljeringsgrad. Forslagsstillar har fått utarbeidd ei støyfagleg vurdering, som støttar Fylkesmannen sine krav. Fylkesmannen har difor akseptert at bustadføremålet kan gjelde for denne tomte.

SÆRSKILT OM AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE – MOTSEGN FRÅ MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Det ligg framleis føre motsegner frå Møre og Romsdal fylkeskommunen knytt til automatisk freda kulturminne som formelt ikkje er løyste. Kulturavdelinga hos fylkeskommunen har signalisert at dei over for Riksantikvaren vil tilrå at det vert gjort vedtak om frigjeving av dei ulike funna av automatisk freda kulturminne, ev. med vilkår om utgraving nokre stader. Konsekvensen av dette vil vere at motsegnene vert trekt. Kommunen har enno ikkje motteke stadfesting på om Riksantikvaren gjer vedtak i samsvar med dette. For å unngå vidare forseinking av planframlegget, må kommunen unnta dei aktuelle områda frå rettsverknad inntil den venta avklaringa frå Riksantikvaren vert motteken. Dersom vedtaket med dei vilkår Riksantikvaren måtte fastsette vert slik det er venta, foreslår rådmannen at det vert gitt fullmakt til å endre planen i samsvar med dette når formell tilbakemelding ligg føre.

Wenche Solheim
Rådmann

Gunnar Wangen
fagleiar



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
63/19	Formannskapet	11.06.2019
38/19	Kommunestyret	20.06.2019

Tertialrapport april 2019

Samandrag:

Rekneskapan for januar til april viser eit meirforbruk på kr 2,9 mill. samanlikna med budsjett for perioden. Årsprognosen syner eit mindreforbruk på kr 1,0 mill.

Rådmannen si tilråding:

Ørsta kommunestyre tek tertialrapporten pr. april 2019 til vitende.

Vedlegg:

Tertialrapport april 2019
BCM Finansrapport april 2019

Saksopplysningar:


Rapporten viser bokførte rekneskapstal for januar til april samanlikna med periodisert budsjett. Vidare viser rapporten rekneskap for 2018 etter revisjon, prognose for 2019 og gjeldande budsjett.

Pr. april har kommunen eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 2,9 mill. Prognosen for året syner eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 1,0 mill. Seksjonane og økonomistaben har lagt ned eit stort arbeid med å få prognosen for heile året så rett som vi greier pr. dato. Det er knytt mykje usikkerheit til mange inntekter og utgifter, men dette er den beste prognosen vi har på dette tidspunktet.

Prognosen for 2019 viser eit samla meirforbruk på seksjonane på kr 6,5 mill. Samtidig viser den ein auke på inntektssida med kr 7,5 mill. som gjer at nettoeffekten vert eit mindreforbruk på kr 1,0 mill. Når det gjeld dei auka inntektene, sjå kommentarane under tabell 1A.

Sjølv om den samla prognosen for året viser eit mindreforbruk, viser den at det framleis er utfordringar med å halde drifta innanfor rammene på nokre seksjonar. Som tabell 1B viser, er det særleg den nye seksjonen Helse og velferdstenester som har dei største utfordringane. Sjø ellers kommentarane under tabell 1B for dei ulike seksjonane.

Det er positivt at den årlege veksten i brutto driftsutgifter har vorte redusert kvart år sidan 2016. Prognosen viser ein vekst i 2019 på 2,0 %, medan veksten i 2018 var på 3,8 %. Utfordringa er at veksten i driftsinntektene framleis aukar mindre enn driftsutgiftene. I 2019 viser prognosen ein vekst i inntektene på 0,3 %, medan veksten var på 3,4 % i 2018.



I budsjettet for 2019 var det lagt inn ein vekst på 1,6 % i driftsutgiftene og 0,7 % i driftsinntektene. Større vekst i utgiftene og lågare vekst i inntektene enn budsjettert fører til eit samla meirforbruk i drifta. Arbeidet med å sjå på innsparingar innan tenester og struktur må difor halde fram, både i inneverande og komande år.

Vurdering og konklusjon:

Vi har ved denne rapporteringa hatt eit ekstra sterkt fokus på å betre kvaliteten av prognosearbeidet hos dei ulike seksjonane og prognosane skal med dette vere så rette som praktisk mogleg. Det kjem framleis til å skje uventa hendingar i 2019 som vi ikkje har klart å ta høgde for i prognosen. Skule og barnehage har elles spesielle utfordringar sidan dei har eit årsløp som avviker frå rekneskapsåret. Her kan det kome budsjettendringar til hausten.

Rådmannen tilrår kommunestyret med dette å ta tertialrapporten til vitende.

Wenche Solheim
Rådmann

Jan Inge Bueide
stabsleiar



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
64/19	Formannskapet	11.06.2019
39/19	Kommunestyret	20.06.2019

Vartdal skule - Ekstra løyving til brannsikring og ventilasjonsanlegg

Samandrag:

«Skriv her»

Rådmannen si tilråding:

Ørsta kommunestyre vedtek ei ekstra løyving til brannsikring og nytt ventilasjonsanlegg ved Vartdal barneskule og SFO-bygget kr 1.918.000,- inkl mva. Den ekstra løyvinga vert finansiert gjennom låneopptak og momskompensasjon.
her»

Saksopplysningar:

Syner til vedtak i kommunestyret sak 17/16 datert 31.03.2016 der det vart løyvd kr 820.000,- til «Nytt sentraldriftsanlegg og branndokumentasjon på barneskule og symjebasseng på Vartdal». Administrativt har ein på det tidspunkt ikkje vore presis i omfang, tiltaket gjeld både Vartdal barneskule og SFO-bygget.

I 2016 vart det brukt kr 218.000 inkl mva på brannteknisk rapport og lukking av nokre av dei branntekniske avvika ved barneskulen. Pr i dag står det att ein rest investeringsmidlar på kr 602.000,- til tiltaket. Dette dekker nytt sentraldriftsanlegg i samsvar med vedtaket frå 2016, men det er i tillegg behov for ekstra løyving til gjennomføring av branntekniske tiltak i samsvar med rapport frå Rambøll og installasjon av nytt ventilasjonsanlegg.

Nokre av avvika i brannteknisk rapport er allereie lukka, det som i hovudsak står att er branntetting av gjennomføringar i brannskiler og brannalarmanlegg inklusiv lede- og markeringslys for barneskulen og SFO-bygget.

I høve arbeid med tilbod til nytt sentraldriftsanlegg og automatikk er det blitt klart at ventilasjonsanlegget på barneskulen må bytast. Ørsta kommune er blitt råda frå å nytte eksisterande anlegg vidare då alder, energiforbruk, luftmengde og komponentar ikkje er tilfredsstillande, samt at løysinga med aggregat på loft har vore eit problem med tanke på vibrasjon og støy. Eit nytt aggregat blir prosjektert etter TEK-17 og ein legg opp til ei forsterking av bjelkelag der aggregatet skal stå. Inneklimaproblematikk og støy/vibrasjon blir med dette tilfredsstillande.

Det er difor behov for ei ekstra løyving til tiltaket for å ferdigstille brannsikring ved Vartdal barneskule / SFO-bygget og etablere nytt ventilasjonsanlegg ved barneskulen.

Overslag postar (alle tal inkl mva)

	Kr	
Nytt ventilasjonsanlegg barneskulen	Kr	400 000
Forsterking bjelkelag til nytt aggregat	Kr	80 000
Sentraldriftsanlegg	Kr	580 000
Brannalarmanlegg/nødlys barneskulen	Kr	690 000
Brannalarmanlegg/nødlys SFO-bygget	Kr	560 000
Branntetting kvalifisert føretak		110 000
Sum	Kr	2
Minus budsjett i 2019	Kr	420 000
		602 000
Sum	Kr	1 818 000
+ 5% reserve	Kr	100 000
Ekstra løyving	Kr	1 918 000

Vurdering og konklusjon:

I 2016 vart det brukt kr 218.000 inkl mva på brannteknisk rapport og lukking av

nokre av dei branntekniske avvika ved barneskulen. Pr i dag står det att ein rest investeringsmidlar på kr 602.000,- til tiltaket. Dette dekker nytt sentraldriftsanlegg i samsvar med vedtaket frå 2016, men det er i tillegg behov for ekstra løyving til gjennomføring av branntekniske tiltak i samsvar med rapport frå Rambøll og installasjon av nytt ventilasjonsanlegg.

Nokre av avvika i brannteknisk rapport er allereie lukka, det som i hovudsak står att er brannetting av gjennomføringar i brannskiller og brannalarmanlegg inklusiv lede- og markeringslys for barneskulen og SFO-bygget.

Eit nytt ventilasjonsaggregat blir prosjektert etter TEK-17 og ein legg opp til ei forsterking av bjelkelag der aggregatet skal stå. Inneklimaproblematikk og støy/vibrasjon blir med dette tilfredstillande for barneskulen.

Det er tenleg og naudsynt å sjå desse tiltaka i samanheng med etablering av sentraldriftsanlegg og ein rår til at kommunestyret løyver ekstra midlar til Vartdal barneskule og SFO-bygget til brannsikring og ventilasjonsanlegg kr 1.918.000,- inkl mva.

Wenche Solheim
Rådmann

Irene Graskopf
seksjonsleiar



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
72/19	Formannskapet	18.06.2019
40/19	Kommunestyret	20.06.2019

Omdisponering av budsjettmidlar

Samandrag:

Ved Vartdal helsetun er det starta opp eit prosjekt med å lage til gangveg og gapahuk mot sjøen. Dette prosjektet treng kr.200.000.- ekstra for å verte ferdigstilt, og det vert føreslått å omdisponere midlar sett av til prosjekt ute på Hjørundfjordheimen som ikkje vert realisert i år.

Rådmannen si tilråding:

Ørsta kommunestyre omdisponerer midlar i investeringsbudsjett for 2019 med kr 200.000.- frå Hjørundfjordheimen til bruk ved Vartdal helsetun, slik at allereie i gangsett prosjekt ved Vartdal helsetun kan verte ferdigstilt.

Saksopplysningar:

Det vart i budsjett for 2019 løyvd kr 300 000,- (inkl. mva) til prosjekt nr 501905 Gjerde/sansehage ved Hjørundfjordheimen. Då ein ser at dette prosjektet ikkje vil bli starta opp i 2019, vert kr 200 000 av desse søkt omdisponert til bruk ved Vartdal helsetun.

Ved Vartdal helsetun er det starta opp eit prosjekt med å lage til gangveg og gapahuk mot sjøen.

Her trengs midlar til å ferdigstille prosjektet. Ved å flytte kr 200 000 inkl. mva frå prosjekt 501905 Gjerde/sansehage ved Hjørundfjordheimen til bruk ved Vartdal helsetun (prosjekt nr 501705 Vartdal helsetun – tursti), kan ein få prosjektet som allereie er i gangsett ferdigstilt i løpet av 2019. På Hjørundfjordheimen er ein ikkje klar til å starte opp vedtekne tiltak i år, og ein finn det derfor forsvarleg at pengane vert overført til Vartdal helsetun. Rest midlar til gjerde/sansehage ved Hjørundfjordheimen vert då kr 100.000.-

Konto	Ansvar	Funksjon	Prosjekt	Periode	Budsjett før korr.	Budsjett- endring	Korrigert budsjett	Kommentar				
02300	Nybygg, vedlikehald	5040	Drift og vedlikehald	335	Rekreasjon i tettstad	501905	Hjørundfjordheimen - sansehage/gjerde	201901	240 000	-160 000	80 000	Omdisponering av budsjettmidlar
04290	Moms-utgift investeri	5040	Drift og vedlikehald	335	Rekreasjon i tettstad	501905	Hjørundfjordheimen - sansehage/gjerde	201901	60 000	-40 000	20 000	Omdisponering av budsjettmidlar
02300	Nybygg, vedlikehald	6200	Kommunalteknikk	335	Rekreasjon i tettstad	501705	Vartdal helsetun - tursti	201901	18 000	160 000	178 000	Omdisponering av budsjettmidlar
04290	Moms-utgift investeri	6200	Kommunalteknikk	335	Rekreasjon i tettstad	501705	Vartdal helsetun - tursti	201901	5 000	40 000	45 000	Omdisponering av budsjettmidlar
								201901			0	
								201901			0	
								201901			0	
								201901			0	
								201901			0	
								201901			0	
17290	Momskompensasjon	7010	Momskompensasjon	840	Statleg rammetilskot og øvrige generelle statistilskot			201901		0	0	Pga endring i 14290.xxxx.xxx
07290	Moms-kompensasjon	8800	Finansiering	841	Momskompensasjon inv	881501	Finansiering investering	201901		0	0	Pga endring i 04290.xxxx.xxx
									323 000	0	323 000	

Vurdering og konklusjon:

Prosjektet ved Vartdal helsetun treng 200.000.- ekstra for å verte slutført. Tiltaket for å sikre eit godt uteområde er viktig for bebuarane. Ein finn det rett å foreslå ei omdisponering av midlar frå investeringsbudsjett 2019 frå Hjørundfjordheimen til bruk ved Vartdal helsetun, slik at allereie i gangsett prosjekt ved Vartdal helsetun kan verte ferdigstilt.

Wenche Solheim
Rådmann

Inger Liadal
seksjonsleiar



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
65/19	Formannskapet	11.06.2019
41/19	Kommunestyret	20.06.2019

Investeringsplan 2020 - 2029

Samandrag:

I samsvar med vedtak i kommunestyret PS 30/18 om ny budsjettprosess, skal det leggst fram ein investeringsplan for dei neste 10 åra til behandling i løpet av juni.

Rådmannen si tilråding:

Ørsta kommunestyre vedtek framlegget til investeringsplan for 2020-2029 slik den ligg føre.

Investeringsplanen skal nyttast som grunnlag for budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 som skal vedtakast i desember 2019. Budsjettet for 2020 skal utarbeidast innanfor ei maksimal låneramme på kr 1,25 mrd. ekskl. startlån.

Vedlegg:

Investeringsplan 2020-2029

Nye investeringstiltak 2020-2029

Investerings skjema 2020-2029

Innleiing:

I samsvar med vedtak i kommunestyret PS 30/18 om ny budsjettprosess, skal det leggst fram ein investeringsplan for dei neste 10 åra til behandling i løpet av juni. I saksframlegget til saka om ny budsjettprosess vart prosessen gjort nærare greie for. Der sto det m.a.:

Det vert planlagt at investeringsplanen skal vise ei oversikt som både omfattar inneverande år og ei periode fram i tid på om lag 10 år. Det vert understreka at investeringar i planen som gjeld for komande år og seinare, ikkje vert gyldige løyvingar før i budsjettvedtaket i desember eller ev. gjennom eigne saker/vedtak.

Planen er gruppert etter tenesteområde og ikkje etter intern organisering. Innanfor kvar gruppering er investeringane sorterte etter følgjande prioriteringar:

1. Liv og helse (overhengande fare for liv eller helse)
2. Påbyrja prosjekt
3. Økonomi (reducere utgifter/sikre inntekter)
4. Samfunnsutvikling
0. Ikkje valde prosjekt (kjem bakarst i planen)

Saksopplysningar:

Kommunestyret har i samband med behandling av tidlegare budsjett og økonomiplanar kome med ynskje om investeringsplanar som går over fleire år. I mangel av dataverktøy som gjekk meir enn fire år fram i tid, bygde økonomistaben i Ørsta kommune i 2018 opp eit system der alle investeringsprosjekt har sine eigne skjema. Desse danna grunnlaget for eit samleskjema der det vert summert lånebehov, finansiering og kostnader (reduerte og auka) fordelt på år og akkumulert i perioden.

Som grunnlag for ny investeringsplan 2020-2029 vart vedteken investeringsplan 2019-2028 nytta, i tillegg til vedtekne endringar i budsjett eller eigne saker etter dette. Seksjonane har deretter vedlikehalde tidlegare skjema og utarbeida nye der det har kome nye behov for investeringar eller større endringar. Rådmannen har så gjort naudsynte justeringar med omsyn til kapasitet, økonomi og andre prioriteringar.

For lettare å synleggjere endringane, er det laga eit eige vedlegg til saka som viser forslag til nye tiltak som er innarbeidde i forslaget til investeringsplan for perioden. Det er i tillegg gjort mindre praktiske justeringar som ikkje kjem fram i dette vedlegget. Sjå vedlegget med investerings skjema for fleire opplysningar under dei enkelte prosjekta.

Det er ikkje eit krav om offentleg høyring av ein investeringsplan då den ikkje er juridisk bindande. Planen har difor i år ikkje vore til behandling i dei ulike råda og utvala i kommunen. Desse og andre vil få høve til å kome med innspel til investeringane i samband med budsjett- og økonomiplanprosessen til hausten.

Ørsta kommune har framleis store investeringsbehov og mange av desse får ikkje plass i investeringsplanen. Kommunestyret har vedteke ei maksimal låneramme på kr 1,2 mrd. Ramma er ikkje høg nok til å dekke behova, men er høg nok til å allereie presse drifta. Samtidig gir nokre av investeringar innsparing i drifta, noko som kan lette dette noko.

Mange investeringsprosjekt vert framleis rebudsjetterte til året etter, noko som fører til at auken i lånegjeld, renter og minimumsavdrag vert skuva ut i tid. Dette utset berre konsekvensane med om lag eitt år, samtidig som eventuelle innsparingar på nye investeringar også vert utsette. Det er difor viktig å sjå på driftskonsekvensane som planen viser i eit 10-års perspektiv.

Prosjekt knytt til liv og helse har første prioritet. Dette gjeld mellom anna trafikktryggingstiltak, brannsikring og plassbehov i overfylte skulebygg. Dei tunge prosjekta i første del av planen er fullføring av prosjekta Dalevegen 24, ny skule i sentrum, skule og barnehage på Sæbø og ny symjehall.

Som ein konsekvens av dei nye store prosjekta og tidlegare vedtekne investeringar og planar, viser investeringsplanen at maksimal låneramme vil verte overskriden allereie i 2020 og vil nå ein topp i lånegjelda på kr 1,4 mrd. i 2022 før den minkar noko utover i perioden. Startlån er ikkje med i desse summene då dei i stor grad er sjølvfinansierande.

I perioden aukar dei årlege minimumsavdraga til om lag kr 20 mill. over dagens nivå. I tillegg aukar rentene med om lag kr 15 mill. ut over det som er budsjettert for 2019. Samtidig er det lagt inn innsparingar i drifta grunna nye investeringar i tillegg til sjølvfinansierande sjølvkostprosjekt. Mot slutten av perioden utgjer innsparingane om lag kr 10 mill. årleg.

Samla sett viser investeringsplanen ein netto auke i driftskostnadane på om lag kr 25 mill. om 10 år samanlikna med 2019. Denne auken kjem i tillegg til den tidlegare varsla utgiftsveksten som er ein konsekvens av endringane i alderssamansetjinga dei komande åra.

Som utgangspunkt for renteutrekningane er det nytta budsjettrenter utarbeidde av Bergen Capital Management. Rentesatsane aukar frå 2,21 % i 2020 til 3,09 % i 2023. For resten av perioden vert det nytta ei såkalla normalrente på 3,15 %. Grunna pris- og lønsvekst får framtidige rentekostnadar litt mindre konsekvensar kvart år. Dette er det tatt omsyn til og rentekostnadane er difor deflaterte med 3 % kvart år i perioden basert på satsen for 2019. Den reelle rentesatsen som er nytta i 2029 er difor nedjustert til 2,07 %.

Investeringsplanen for 2020-2029 utgjer 79 valde og 19 ikkje valde prosjekt. Dette er tiltak som er viktige for innbyggjarane, næringslivet, utviklinga av ørstasamfunnet, for tilsette i kommunen og for å bidra til å redusere kommunen sine driftskostnadar. Dersom investeringsprosjekt ikkje vert valde som følgje av låneramma, må mange av desse prosjekta vike for dei prioriterte prosjekta innanfor liv og helse.

Vurdering og konklusjon:

Ein tiårig investeringsplan skal vere eit godt verktøy for å planlegge investeringane

framover. Det er likevel slik at mange viktige tiltak må reduserast eller utsetjast som ein følgje av dei økonomiske utsiktene. Det er eit dilemma at auka investeringar pressar drifta, samtidig som behovet for nye investeringar gjer det vanskeleg å prioritere.

Wenche Solheim
Rådmann

Jan Inge Bueide
stabsleiar



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
71/19	Formannskapet	18.06.2019
42/19	Kommunestyret	20.06.2019

Låneopptak i Søre Sunnmøre IKT

Samandrag:

Kommunestyret har tidlegare vedteke å flytte ansvaret for finansiering av investeringar til Søre Sunnmøre IKT (SSIKT) frå kommunane til SSIKT. Jamfør K-sak 5/19. Det er eit behov for eit samla låneopptak på kr. 10 775 000 for 2019 med bakgrunn i planlagde tiltak. Alle kommunane tilknytt Søre Sunnmøre IKT må godkjenne låneopptaket.

Rådmannen si tilråding:

Ørsta kommunestyre godkjenner at SSIKT kan ta opp kr 10.775.000 i lån for å finansiere investeringar 2019.

Saksopplysningar:

Styret i SSIKT har vedteke eit investeringsbudsjett for 2019 på kr. 10.775.000.

SSIKT treng eit eige kommunestyrevedtak frå kvar deltakarkommune for å få ta opp lån.

Investeringane skal finansierast ved låneopptak og lånet skal nedbetalast over 5 år.

Investeringsbudsjettet for SSIKT i 2019 er:

Maskiner og utstyr på driftssenter	Kr. 2.950.000
Agresso digitaliseringstiltak	Kr. 875.000
Sak/arkiv system	Kr. 5.750.000
Gerica: Svar ut	Kr. 200.000
Helsestasjonsprogram	Kr. 1.000.000
Sum	Kr 10.775.000

Alle summer er netto beløp (eks. mva).

Vurdering og konklusjon:

Økonomiske konsekvensar:

Utrekninga syner kostnadane kvar kommune får p.g.a. låneopptak i SSIKT for 2019. Det er teke utgangspunkt i ei rente på 2%.

			Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta
	Avdrag (5 år)	Rente (2%)	0,097	0,088	0,168	0,164	0,121	0,171	0,19
2019	-	107 750	10 452	9 482	18 102	17 671	13 038	18 425	20 580
2020	2 155 000	172 400	225 758	204 811	391 003	381 694	281 615	397 985	444 533
2021	2 155 000	129 300	221 577	201 018	383 762	374 625	276 400	390 615	436 301
2022	2 155 000	86 200	217 396	197 226	376 522	367 557	271 185	383 245	428 069
2023	2 155 000	43 100	213 216	193 433	369 281	360 488	265 970	375 875	419 837
2024	2 155 000	21 550	211 125	191 536	365 660	356 954	263 363	372 190	415 721
Sum:	10 775 000	560 300	1 099 524	997 506	1 904 331	1 858 989	1 371 571	1 938 336	2 165 042

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende

Med bakgrunn i tidlegare vedtak og investeringsplanen for 2019 rår rådmannen til at SSIKT får ta opp lån på kr. 10.775.000.

Wenche Solheim
Rådmann

Eldar Rune Øye
assisterande rådmann



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
74/19	Formannskapet	18.06.2019
43/19	Kommunestyret	20.06.2019

Slutthandsaming - Detaljreguleringsplan for Hjortelegene

Samandrag:

Siv. ing. Svein Holmen har, på vegne av Inge Kolås, utarbeidd framlegg til detaljreguleringsplan for Hjortelegene, på gnr/bnr 29/13 i Follestadalen. Føremålet med planen er å legge til rette for turismeretta næring med utleigehytter og utleige-/selskapslokale.

Rådmannen si tilråding:

Ørsta kommunestyre syner til framlegg til detaljreguleringsplan for Hjortelegene og til innkomne merknader til 1. gongs offentleg ettersyn og avgrensa høyring. I samsvar med pbl §12-12 vedtek kommunestyret planen slik den ligg føre på plankart 2011008-01E sist revidert 12.06.19, med tilhøyrande føresegner sist revidert 12.06.19.

Vedlegg:

2011008-01E_Hjortelegene_plankart_1-1000_A1
2011008_Hjortelegene_føresegn
8.mai 2019 - RAPPORT u KU e. off. ettersyn
Samandrag av merknader med kommentarar
7.mai -19 KU

Saksopplysningar:

Ørsta formannskap gjorde den 01.03.2016 følgjande vedtak om utlegging til offentlig ettersyn:

Ørsta formannskap, som planutval, syner til framlegg til detaljreguleringsplan for Hjortelegene på Myklebust i Follestadalen. Etter ei samla vurdering finn planutvalet å fremje planframlegget slik det ligg føre no jf. pbl §12-11.

Planframlegget låg ute til offentlig ettersyn i perioden 05.03. – 16.04.2016. Det kom merknader frå følgjande partar:

1. Øyvind Myklebust, 14.03.16
2. Mørenett, 17.03.16
3. Ørstavassdraget elveeigarlag og Ørsta jeger- og fiskarforeining, 30.03.16
4. Myklebust gardslag, 07.04.16
5. Gerd og Paul Ørstavik, 11.04.16
6. Møre og Romsdal fylkeskommune, 07.04.16
7. Margrete Foldal Yksnøy, 14.04.16
8. Stig Inge Foldal og Gunnhild Liva Foldal, 15.04.16
9. Follestadal elvelag v/Jan Terje Øye, udatert
10. Statens vegvesen, 05.04.16 – motsegn
11. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 15.04.16
12. Landbruksnemnda, 26.04.16
13. NVE, 10.05.16
14. Vilt- og innlandsfiskeremnda, 31.05.16

Som følgje av merknadane til offentlig ettersyn har forslagsstillar valt å utarbeide eit nytt/revidert planframlegg. Eit sentralt grep i dette reviderte planframlegget er å ta den delen som ligg mellom fylkesvegen og Follestadalselva ut av planen. Dette kjem mange av merknadane i møte. I tillegg foreslår forslagsstillar nokre nye tiltak og utvida rammer ovanfor fylkesvegen. Desse vert omtala under vurdering og konklusjon under. Merknadane er oppsummerte og kommenterte i eige vedlegg til saka.

Det justerte planframlegget er sendt ut på ei avgrensa høyring. Fylkesmannen og landbruksnemnda har kome med uttale til høyringa. Desse merknadane er også oppsummerte og kommenterte i vedlegg til saka.

Statens vegvesen, Fylkesmannen i Møre og Romsdal og NVE la ned motsegn mot planframlegget. Som følgje av det justerte framlegget og tilleggskommentasjon som er lagt fram er samtlege motsegner no trekte.

Vurdering og konklusjon:

Planområdet er i kommuneplanen sin arealdel definert som LNF-område sone C. Området er ikkje regulert tidlegare, og framstår i dag som landbruksareal.

Tidlegare i prosessen har det vore knytt stor konflikt til utnyttinga av areala mellom

fylkesvegen og Follestadalselva, både frå lokale partar og offentlege partar. Når denne delen av planen no er trekt ut, er konfliktnivået vesentleg dempa med omsyn til landbruksinteressene. Utbygginga ovanfor fylkesvegen konsentrerer seg i og ikring det eksisterande tunet og områda ovanfor dyrkingsfeltet (ikkje ferdigstilt). Ei utbygging kan ha negative verknader med omsyn til nærføringulemper, men rådmannen meiner dette må vere pårekneleg når ein ønskjer å bygge ut i eit etablert landbruksområde. Rådmannen meiner difor planframlegget no er forsvarleg med omsyn til landbruksinteressene.

Naboar til planområdet har vist skepsis til turismesatsinga som dei meiner vil ha negative konsekvensar for deira eigedomar. Rådmannen har forståing for at utbygginga vil føre til auka aktivitet i området, og at naboar kan oppfatte dette som ei negativ belastning. Ved utlegging til 1. gongs offentleg ettersyn tok formannskapet stilling til at ein ønskjer å prioritere forslagsstillar sitt ønskje om å etablere ei turismesatsing i området. Rådmannen har ikkje faglege innvendingar mot denne prioriteringa, og vel difor å følgje opp politiske føringar.

I planframlegget er det lagt opp til at drikkevatt skal kome frå privat brønn. Det må kunne leverast tilsrekkeleg vatn som oppfyller krava i drikkevassforskrifta. Spørsmåla kring dette er ikkje utgreidd vidare i planframlegget, men vert regulert etter eige lovverk. Planframlegget legg opp til at det skal nyttast separatanlegg med tett tank for svartvatn og lokalt utslepp for gråvatn.

Omsyna til naturmangfaldslova §§8-12 er vurderte i planomtalen. Forslagsstillar vurderer at planframlegget ikkje medfører vesentlege verknader for dei omsyna som lova skal ivareta. Rådmannen har ikkje merknader til denne vurderinga.

Det er ein tydeleg vekst i turisme i Ørsta og Sunnmøre elles. Planen legg til rette for ein type verksemd som er i samsvar med dei tankar og strategiar som er lagt til grunn for satsinga med småskala turisme basert på lokale ressursar i Ørsta kommune, jf. t.d. masterplanen for reiseliv. Denne typen satsing med utleigehytter rettar seg mot mindre grupper av reisande. Planområdet ligg relativt sentralt i høve turområda på Standalseidet, kring Ørsta sentrum og Hjørundfjorden.

På bakgrunn av vurderingane over samt vurdering av innkomne merknader, rår rådmannen til å vedta planen slik den no ligg føre.

Wenche Solheim
Rådmann

Gunnar Wangen
fagleiar



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
75/19	Formannskapet	18.06.2019
44/19	Kommunestyret	20.06.2019

Reguleringsplan på Standaleidet - Myklebustsetra - Myklebust setremark

Samandrag:

«Skriv her»

Rådmannen si tilråding:

Ørsta kommunestyre syner til framlegg til områdeplan for Myklebust setremark, og til innkomne merknader ved offentleg ettersyn. Etter ei samla vurdering vedtek kommunestyret planframlegget jf. Pbl §12-12, slik det ligg føre på plankart datert 15.11.2016, sist revidert 22.05.2017, med tilhøyrande føresegn, sist revidert 23.05.2017.

Vedlegg:

2012003_Myklebust-setremark_Føresegn

2012003_Myklebust-setremark_Planomtale

2012003-01B_Myklebust-setremark_plankart_1-1500_A0

Drøfting av spørsmål til planframlegg

Møtereferat 20 mars 2019

Notat - Myklebustsetra - oppfølging av vedtak i f-sak 91-18 m-vedlegg

Saksopplysningar:

Ørsta kommune har utarbeidd framlegg til områdeplan for Myklebust setremark. Planen er basert på eit arbeid der Myklebust gardslag fekk delta i arbeidet med utarbeiding.

Føremålet med planarbeidet er å sjå heile Myklebust setremark i ein samanheng og sikre ein forsvarleg balanse mellom ønskja om utbygging og vern. Det vert opna for utvikling av ei betydeleg mengde fritidsbustadar i områda rundt setrestøylen, tilpassa natur, friluftslivs, landskap og landbruksinteressene. Ein viktig del av planen er å skjerme og sikre eit reglement for framtidig bruk og vern av støylsmiljøet som er eit regionalt viktig kulturmiljø.

Ørsta formannskap handsama i møte 22.11.2016 framlegg til områdeplan for Myklebust setremark og gjorde følgjande vedtak:

Ørsta formannskap, som planutval, syner til framlegg til områdeplan for Myklebust setremark på Standaleidet. Planutvalet gjer med dette vedtak om at planframlegget vert lagt ut til offentleg ettersyn jf. pbl §§12-10 og 12-11, slik det ligg føre på plankart revidert 15.11.16, med tilhøyrande føresegner sist revidert same dag.

Områdeplanen låg ute til offentleg ettersyn i tida 03.12.2016.-14.01.2017 og det ligg føre følgjande fråsegner:

NVE, 16.12.16

NVE har ingen merknad til offentleg ettersyn av områdereguleringsplan for Myklebust setremark

Mattilsynet, 19.12.16**Bakgrunn**

Det er ikke kommunalt VA-nett i området, og eksisterende setre har ikke innlagt vann. I planlagte

utbyggingsfelt vil hyttene få mulighet til å koble seg på en felles drikkevannsforsyning.

Vurdering

En må sikre at vannforsyningen oppfyller kravene i Forskrift om vannforsyning og drikkevann

(Drikkevannsforskriften), herunder kravet om hygieniske barrierer. Vann som leveres skal til enhver tid være hygienisk betryggende og for øvrig i samsvar med oppgitte grenseverdier. Kilde og tilhørende tilsigsområde må i størst mulig grad beskyttes mot forurensning fra omgivelsene, slik at eventuell nødvendig vannbehandling blir minst mulig omfattende.

Et høydebasseng har mange funksjoner. I tillegg til å være et depot til brannslukningsvann, vil det også ha en bufferfunksjon ved ujevnt vannforbruk, og eventuelt fungere som klorkontaktbasseng ved behov. Tallet på hyttegjester vil kunne være svært varierende, avhengig av årstid og vær, med størst forventet aktivitet i helger og ferier. Det er viktig at teknisk anlegg og installasjoner er

tilstrekkelig dimensjonert ut ifra variasjoner i vannforbruket. For et høydebasseng er det også viktig å unngå "gammelt vann" og uønsket bakterievekst i bassenget som konsekvens av lang oppholdstid i «rolige» perioder.

Krav til brannvann er ikke hjemlet i drikkevannsforskriften og omtales følgelig ikke av Mattilsynet.

En gjør oppmerksom på at drikkevannsforskriften p.t. er ute på høring, og at enkelte krav vil bli endret i fremtiden.

Vår kommentar:

Drikkevassforskrifta vil gjelde fullt ut her som elles. Det er arealbruken knytt til vassforsyninga som planen her regulerer. Det er lagt til grunn vassforsyning frå grunnvatn med høgdebasseng innan f_BVF til bufferkapasitet. Arealet ovanfor f_BVF er i dag utmark for utan at eit lite areal til parkering for fjellvandrara. F-BVF ligg i enden av ein eksisterande bratt veg og er området rundt er i liten grad nytta til utmarksbeite. Det er ikkje lagt opp til restriksjonar i høve arealbruken.

Bodil Margrethe Styr, 08.01.17

Vei opp til Svartåsen (Øyadalen 340) bør komme inn i reguleringsplanen. Denne veien ville vi da selv bekoste. Vi har tinglyst veirett over felles utmark i festeavtalen. Det har vært søkt Ørsta kommune om vei tidligere, da ble det sagt at man kunne komme tilbake til det i forbindelse med ny reguleringsplan.

Slik området ser ut i dag, ville den naturlige traséen være slik jeg har merket av på kartet under (den røde streken). Der er det allerede en forholdsvis tydelig sti eller 'traktorvei', som ikke er blitt mindre tydelig etter at den ble brukt i forbindelse med oppsetting av 'monstermasten' på Svartåsen sommeren 2015.



Vår kommentar:

Eit viktig premiss i planen er å samle og dempe inntrykket av fysiske inngrep. Ein veg opp i Svartåsen for ei einsleg hytte vil krevje ein bratt og lang veg med stort terrenginngrep som verte godt synleg frå sentrale delar av Standaleidet. Ei vidare utbygging her (B6) vart vurdert innleiingsvis, men forkasta grunna stor negativ konsekvens for landskap med ny tilkomstveg, konflikt med trekkrute for hjort og

delvis skredfare i konsekvensutgreiinga.

Møre og Romsdal fylkeskommune, 09.01.17

Automatisk freda kulturminne

Det automatisk freda kulturminnet (Id nr. 178924 –Tjørehjell) med sikringssone, må markerast med omsynssone D – SOSIkode H730 i plankartet. Skravuren i plankartet må vise at sikringsona til lokaliteten også omfattar areal innanfor tomt BFF E-8.

Vi ber om at følgjande vert tatt inn i reguleringsføresegnene:

For omsynssone C (H570); «Gjeld omsynssone (vernesone) rundt automatisk freda kulturminne. Innanfor området skal kulturlandskapet med sin naturlege vegetasjon takast vare på og haldast i hevd, slik området ligg i dag. Det er ikkje høve til å sette i gong med graving eller andre tiltak som kan skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørlig skjemme det freda kulturminne og kulturminnets verneområde, eller framkalle fare for at det kan skje, jf.

Kulturminnelova § 3. Eventuelle tiltak må godkjennast av rette antikvariske mynde ved

Møre og Romsdal fylkeskommune.»

For omsynssone D (H730); «Området inneheld eit automatisk freda kulturminne – id nr. 178924 - Tjørehjell. Den naturlige vegetasjon skal takast vare på. Det er ikkje er høve til å sette i gong gravearbeid eller andre tiltak som kan skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørlig skjemme dei freda kulturminna eller framkalle fare for at dette kan skje, jf. Kulturminnelova § 3. Eventuell dispensasjon frå føresegnene må godkjennast av rette antikvariske mynde ved Møre og Romsdal fylkeskommune.»

Vil vil ha motsegn til plana til dette blir retta opp i plankartet og føresegne.

Kulturminne frå nyare tid

Myklebustsetra har regional verneverdi som godt bevart seterområde. Vi syner til vår tidlegare dialog med kommune vedkomande ivaretaking av kulturminneverdiane på Myklebustsetra, der vi mellom anna kom med forslag til utforming av reguleringsføresegnene. Det reguleringsplanforslaget som no er lagt fram er i hovudsak itråd med våre tidlegare innspel. Vi har difor ingen innvending mot planen slik den no ligg føre.

Konklusjon

Vi vil ut i frå omsyn til automatisk freda kulturminne ha motsegn til planforslaget inntil følgjande er innarbeidd i plandokumenta:

- *Omsynssone for ID nr. 178924 – Tjørehjell er innarbeidd som D – SOSIkode H730 må innarbeidast i plankartet.*
- *Vår forslag til ordtekst i føresegn for omsynssone C (570) og D (H730), jf.*

saksutgreiinga ovanfor, er innarbeidd i føresegna.

Vi viser elles til at planforslaget synes å vere i samsvar med våre tidlegare innspel, når det gjeld nyare tids kulturminne.

Vår kommentar:

Sjølve tjørehjellen med tilhøyrande sikringssone vert synt som ei eiga omsynssone H730 «*automatisk freda kulturminnet (Id nr. 178924 –Tjørehjell)*». Formålsgrensa

for BFF_E-8 vert justert slik at den samsvarar med H730. Omsynssone H570 som er miljøet kring kulturminnet vert også synleggjort over BFF_E-8. Føresegna vert retta opp i samsvar med merknaden til fylkeskommunen. Fylkeskommunen har i brev datert 22.05.17 stadfesta at motsegna vert trekt om endringane vert innarbeidd i plandokumenta.

Øy Gardslag, 12.01.17

KOMMENTAR VEDK. KRAV TIL UTBETRING AV ØY DYRKINGSVEG (s.38)
"....I vest vert planområdet utvida til å omfatte Øy dyrkingsveg som går opp i byte mellom Øy og Myklebust setremark."

Gardslaget sin kommentar:

Øy gardslag har planar om å ruste opp dyrkingsvegen slik han er i dag - utan større inngrep. Vi har fått forståing for at det ikkje vert stilt krav om slakare stigning på tilkomstvegen ettersom vi planlegg å byggje ut døgnmagasin for drikke- og sløkkjevavn. Ein viser til synfaring samt oppmåling gjort av Ose Ingeniørkontor v. Kenneth Myrhol i 2016 i samband med reguleringssaka vedk. vårt hyttefelt. Gardslaget har tidlegare gitt samtykke på nærare bestemte vilkår om bruk av nedste del av dyrkingsvegen for Myklebust gardslag sine behov. Kostnader ved større omleggingar av vegen for å få slakare stigning må i tilfelle kostast av Myklebust gardslag då dette ikkje er naudsynte tiltak for vår del.

Vår kommentar:

Krava til vegstandard er i planframlegget lempa på i høve normale krav. Dette for å samle og nytte eksisterande inngrep så langt som råd. Nedste del av Øy dyrkingsveg (f_SKV_2) har i dag bratt stigning og knapp kurve noko som er ein uheldig kombinasjon og må utbetrast før etablering av nye hyttefelt, både på Øy utmark og Myklebust setremark sine område. Det er difor knytt rekkjefølgjekrav til utbetring av vegen som må detaljprosjekterast i høve stigning og kurve samt sikkerheit i høve flaum før utbygging av områda BFF_2 og 3. Maksimal stigning skal ikkje vere over 12.5 %.

Laurits Arve Myklebust, 13.01.17

Eg har nokre merknader til planen for Myklebustsætra. Som grunneigar har eg to sel på sætra, og desse har og har alltid hatt dobbelfalsa kledning. Likeeins utanpåliggande vinaugssprosser, som også andre av sela har. Eine selet mitt hadde også frå det vart bygd i 30åra både treplatt og flaggstang. Eg er sterkt i mot den detaljstyringa som komunen sin planleggjar syner i planutkastet. Slik sela framstår i dag er slik dei har vorte bygde fram gjennom tida, og eg har full tiltru at både dagens og framtidige eigarar vil ta vare på og forvalte bygningane like godt. Vilkåra må berre ligge til rette for det og ikkje kneblast av eit detaljstyrt regelverk. Det må også kunne gå and for nokre av sela å få påbygg slik at dei kan verte meir tenelege i bruk, det vil stimulere til godt vedlikehald og ikkje minst verte brukte.

Vår kommentar:

Føresegnene til setrevollen er utarbeidd i samråd med kulturavdelinga hos fylkeskommunen slik det var føreset i planprogrammet. Myklebustsetra er definert å ha regional verneverdi som godt bevart seterområde og utarbeiding av føresegner for ivaretaking av det relativt einsarta setremiljøet er ein viktig del av planen. Føresegnene vil gjelde for framtidige tiltak og har ikkje tilbakeverkande

kraft. Føresegna krev i utgangspunktet gjennomgåande vindaugs sprossar og enkeltfalsa (eller ufalsa) kledning då det er ein viktig del av den enkle heilskaplege byggeskikken. Føresega opnar likevel for å kunne gjere unntak der det kan dokumentarast at andre løysingar har vore opphavleg byggeskikk.

Myklebust Gardslag, 12.01.17

Gardslaget starta med planane for hyttebygging ved Myklebustsætra i 2003. Vart inngått avtale

med Ørsta Kommune 24.03.2011 att gardslaget kunne lage plan for sætra. Svein Holmen vart

leigd inn for planlegging. han har laga ein god plan for oss. Samarbeidet mellom oss(gardslaget og

S Holmen) og kommunen kunne ha vore beire. Gardslaget trudde planen skulle leggest fram for

kommunen for eventuelt godkjenning, etter att sakshansamarane hadde kontrollert att det var

utført etter lover og regler. Sakshansamarane har detaljustert hyttefelta og særleg har dei brukt

mykje tid på sætra .

Det er særleg på seterstøylen gardslaget er sers missfornøgd. Gardslaget meiner det trengs ikkje

andre lover og regler for sætra ein dei som har vore der i 350 år, det står att alle eigara av Gnr. 29

.har rett til å bygge eit sel kvar. Det er i dag berre ein eigar som ikkje har sel , han må få lov og

bygge om han ønsker det. Bruk nr 4. har hatt ein frittstående fjøs, det kan byggast oppatt om det

er ønske for det.

Eigarane av setra har vedteke for fleire år sidan størelse på sela inn til 60 kvadratmeter, og

utsjånad lik det som er der i dag. Om dei som ønsker det ikkje får låv til utviding (3 stk) slik att sela

kan brukast .kan det verte forfall på fleire sel. Det er no innlagt straumkablur til all sela slik att dei

som ønskjar det kan mellom anna monterer forbreningstoalett det er der ikkje plass til i dei minste

sela. Gardslaget meiner det må vare ein viss standar for att sela vert brukt, vert dei ikkje brukt vert

det forfall. VERN UNDER BRUK.

Håper polltikaran støtter gardslaget serleg det som gjeld sela og støylen og ikkje det vert slik som

sakhandsamarane meiner med vern og restruksjonar, vi er ikkje inntresert å halde vedlike sela for

fotomotiv og ikkje kan bruke dei.

Merknader til planen.

1. Sætrevollen med sel må ikkje vernast meir ein dei har vore i 350 år. Eit sel pr, bruk ein frittstående fjøs, sela kan være inn til 60. kvadratmeter stilen må vere omlag slik dei er i dag.

2. Follidalhytta. ikkje avklart eigarforhalda for tomt . Det må ikkje gravast ved hytta. kan skade

grunnvatne (årane) til brynnhusa (oppkomevatn)

3. Kvea (Samlegjerde for dyr) må vera så stort att det er plass til x.antal dyr for innsamling og frådeling ved henting. Det har ingen ting med kor mange bilar det er plass til .Kvea kan brukast til parkering for seleigarane når den er ledig.
4. Selet til Sindre Myklebust ligg også på støylen.
5. Vassintaka for hyttefeltet må vere så høgt oppe att alle hyttene har naturleg trykk -vatn. Det må vere eit vass inntak opp om B,7
6. Vegen til Øye hyttefelt er godkjent for 50 hytter.og må verte godkjent for dei hyttene vi skall bygge. Vegen mellom Kolås og Standal er på enkelte plasser brattare. Det var ingen problem for Statnett og bruke vegen under bygging av nye høgspenlinja med store bilar.
7. Det er gardslaget sitt ønske og bruke egne tankar for kvar hytte, ein for svartvatn og ein for gråvatn (Jett systemet) Tømming kvar sommar.Det er eit system som er brukt i mange hyttefelt»

Vedlagt merknaden frå Gardslaget ligg eit skriv som er tilnærma identisk med ein merknad frå Svein Holmen. Vi refererer såleis berre vedlegget til Gardslaget sin merknad her. Begge merknadane følger likevel saka som vedlegg.

«Komplett planframlegg vart innlevert frå gardslaget til kommunen 1.aug. 2015, og kommunen skulle justere dette til ei meir «kommunal form». I følge avtalen ved overleveringa skulle gardslaget/plankonsulent få gå gjennom endra framlegg før utsending til kommunal handsaming. Men det justerte framlegget vart utsendt utan at vi fekk melding eller vart kontakta. Dette er avtalebrot.

Justeringsarbeidet vart av kommunen sin sakshandsamar stipulert til 3 dagsverk. Justeringa har teke

nesten eit og eit halvt år. Eit justert framlegg ligg no føre, og vi har følgende merknadar til dette nye

framlegget:

- Til verneregimet for setrevollen:

Selbygningane på setervollen.

Det er kombinasjonen av fjella ikring, av setervollen og bygningane på den som gjer denne

lokaliteten ekstraordinær. Som det går fram er vedlikehaldet av ein del av bygningene så sterkt på

etterskot at situasjonen for to av bygga har blitt kritisk. Dei aller minste bygga er dessutan så små

at noko påslag av arealrammene ved vedlikehaldstiltak både er ønskjeleg og nødvendig. Sjølv om

golvflate no ikkje er meir enn det Anders Behring Breivik har å opphalde seg på, er dette den

påhaldne arealnorma som er lagt inn til off ettersyn.

Grunneigarane er klar over at dei eksteriørmessige sidene av vedlikehaldstiltak er tungtvegande,

men kan likevel ikkje sjå bort ifrå at det meste som talar for framtidig bruk av bygningene til

tidsmessig opphald i bygga ihovudsak i framlegget har blitt ignorert. Ein hadde ei forestilling om at

”vern gjennom bruk” skulle bety noko. Ved dei framlagde snevre rammene for tiltak opp mot meir

dagsaktuell standard for opphald, vil framtidig bruk av dei vedlikehaldsutsette og

dei små sela no i hovudsak vere eleminert. Det er altfor primitivt å måtte henge våte ytterkle til tørk og sengekle til lufting i same vesle romet som det skal stellast til mat. Ein synest derfor at etter fleire 10 år med rosende omtale av setra og bygningsmiljøet, så er det som så langt er forma ut av plan og utviklingsavd ei ødeleggende tvangstrøye for framtida til dei nemnde bygga. Det no utsende av retningslinjer til ettersyn kan muligens kortsiktig hjelpe på den kulissemessige effekten av bygningene på vollen mellom fjella. Men bortsett frå som velmeint ytring er det til lite hjelp til ønskt stabilisering og innhenting av av akselererande bygningsforfall. Det bør ikkje forundre nokon om dei smårute vindauga (som har fått mange merknader om kittfals etc) iløpet av kort tid for dei små sela blir overdekt av finer- eller bølgeblikkplater for å seinke forfallet. Det planfolka i Ørsta kommune oppnår på lenger sikt med sine påhaldne arealnormer er derfor gjerne det motsette av det dei er ute etter også med sikte på den kulissemessige effekten ev bygga. Ein ser derfor grunn til noko romslegare regelutforming av areal for nokre av selbygningane. Eit påslag av minst 25 - 30 % av det arealet Anders Behring Breivik disponerar til dei minste bygga i samband med vedlikehald må vere toleleg. Det er elles påfallande at utforming av reglverk pr aug 2015 for bygningne på setervollen, etter år med forarbeid ved Gardslaget og Svein Holmen, stort sett har blitt lagt til sides. Den omredigering som er gjort er på mange måtar eit makt (over)grep som fjernar partane sin innflytelse på det som lagt fram som saksunderlag. Etter avislesing står vedlikehald og storleik av selbygningar på setervoll(ar) i Volda framfor noko samanfallande utfordringar som på Myklebustsetra. Kvia på setrevollen er blitt redusert til «grøn» parkeringsplass for 7bilar. For oss er det Kvia som er utgangspunktet. Den må ha den storleik som trengs for dyrehaldet og på / avlesing av dyr på transportbil. Innafor denne kvia skal det underbyggast ein plass som er stor nok til parkering av bil/traktor og også til manøvrering av dyretransportbil. Plassen skal i sin heilskap vegeterast, og må kunne gjerdast inne.

Til andre tilhøve i resten av planområdet har vi følgande kommentarar:
Øy dyrkingsveg er justert, men ikkje detaljert. Kommunen har no opna for max stigning på 12,5% I utgangspunktet vart det sett fram krav om max stigning på 8,5% som det vart umogleg å imøtekome

utan svært store terrenginngrep.

12,5% stigning er i samsvar med det vi ynskte ved starten av planarbeidet. Hadde denne innrømmelsen frå kommunen kome tidlegare ville vi hatt ein ferdig prosjektert veg no og sluppe unna

mykje dyr og tidkrevjande usemje og utgreiingar.

Høgdebassenget ligg for lavt, og dei hyttefelta som ligg høgre enn bassenget skal ha pumpeleidning

frå bassenget. I planomtalen står at dei som ligg for høgt alternativt kan ha eigne borebrønnar

med pumpeleidning. Slike lokale borebrønnar er ikkje heimla i føresegnene.

Bassenget (f_BVF) skal vere felles for alle i heile setremarka (føresegnene §5.1 — 5. avsnitt)

Pumpeleidning fører til at alle internvegane må ha standard for tankbil(brannberedskap)

Vi meiner at heile setremarka må ha vassforsyning med gravitasjonsleidning - enten ved at det vert

bygd eit ekstra basseng aust for Styr-hytta eller at det vert bygd eit felles basseng annanstads høgt

nok til å dekke heile setremarka utan pumping. Vi viser til vårt Temakart nr 2Vassforsyning og

avlaup som syner plassering av basseng og tilhøyrande trykksoner.

I planomtalen s 39, pkt 8 - 3. avsnitt står det hytter som ikkje ligg i tilknytning til regulerte gravitasjonsleidningar for felles svartvasstank skal ha forbrenningstolett og vere utan innlagt vatn.

Sjølve leidningane er ikkje innregulerte, men plassering av svartvasstankane er innregulerte på

f_BOF-områda. Her meiner vel då at areala som ikkje når tak i noko innregulert f_BOF-område

med gravitasjonsleidning må ha forbrenningstolett og kan ikkje ha innlagt vatn.

Dette er strid med våre føresetnader.

13 eksisterande + 3 nye hytter + setrevollen kan iflg. dette ikkje ha innlagt vatn. Må dei allikevel

delta i f_BFV ? Vi krev at alle som ikkje ligg i tilknytning til felles svartvasstank må få nytte

individuelle svartvasstankar eller kanskje gå to og to i hop om felles svartvasstankar og individuell

rensing av gråvatn. Alle ska ha høve til innlagt vatn. (føresegnene § 5.1) Ein får heller regulere inn

fleire mindre f_BRE—område for dei som ligg utanfor eller knyte ein bestemmelse til føresegnene for

dei aktuelle områda slik at alle får dekning for svartvatn og dermed kan ha innlagt vatn.

Nokre føremålsområder har fått endra sosi-kode. Areal for svartvasstankar/returpunkt renovasjon

har t.d bitt til «renovasjonsanlegg» sosi 1550 istaden for vårt «off/privat tenesteyting» sosi1160 etc.

utan at dette endrar bruken av areala

Så lenge dette ikkje får konsekvensar for arealbruken er omkodinga i orden for oss.

Det komersielle feltet BFF_6 er halvert i omfang. Dette vert grunngjeve med at den austre delen

av BFF_6 vert for synleg frå «Alpelandsbyen» i Standalmarka.

BFF_6 ligg lavt i terrenget, og vi meiner at ein reduksjon ikkje gjer stort frå eller

m.o.t kor synleg det
vert frå Standalsmarka. Dette har vore eit stridspunkt heile tida frå oppstart, men vi
oppfatta det slik
at kommunen sine folk hadde gått med på vår avgrensing etter visualiseringa som
gardslaget sine
folk gjorde sommaren 2015 der kommunen sine folk var til stades og vurderte
synbarheita frå
kommunevegen og Standalssida. V i ynskjer noko større utnytting på BFF_6 for å
få betre økonomi i
feltet.

Tjørehjellen H_570 har fått feil framstilling v/s eksisterande hytte BFF_E8

Tjørehjellell H_570 - Automatisk freda kulturminne):

Kartet slik vi framstilte det var tilpassa H_570 i samarbeid med Øyunn Kleiva
Samleveg (f_SKV_3) var skissert og diskutert i fleire runder m Kleiva som til
slutt godtok

framlegget. Dette er dokumentert i vedlegg 2 til denne merknaden.

Eigaren av eksisterande hytte (BFF_E8) hadde også diskusjonar med Kleiva som
opprinneleg ville

ha restriksjonar på hyttetomta heilt opp til hytteveggen men som til slutt landa på
avgrensinga som er

synt i vårt kart - nemleg i flukt med uthusvegen. . Dette må rettast opp i kommunen
sitt kart

som ikkje har omsynssone inn på hyttetomta. Oppkjørsla til BFF_E9 kjem så vidt
borti omsynsområdet(ca3-4m2 i øvre austre hjørnet). Dette er i det fjernaste
hjørnet frå sjølve lokaliteten og er ikkje diskutert med Kleiva.

Etter vår vurdering er det undergraving frå Steindøla(flaum-sona)som
representerer det største trugsmålet mot Tjørehjellen

Eksisterende hytter er ikkje markert som innregulerte bygg

Dette er kanskje ei forgløyming frå kommunen, men vi meiner at eksisterande
fritidshytter (29 stk)

alle skal visast som innregulerte bygg i planen og skal visast med kraftig markering
i samsvar med

teiknforklaringa på plankartet på same måte som sela på setrevollen er markerte.

Parkeringsplasser

Det er lagt inn tre nye P-plassar til eksisterande hytter- 2plassar ved
kommunevegen til BFF_E19

samt ein felles plass ved SKV_6 til ekisterande hytter BFF_E13, 14, 15, 16 og 17.
Dette er godt og greit.

Vi ser at stien frå parkeringsplassen og ned til BFF_E-10 er fjerna frå kartet medan
kloppa over

bekken er inne. Stien bør markerast slik at det ikkje vert konflikt med regelverket
for KLM_2 for

hytteeigar i framtida.

Vassbassenget f_VBE er plassert akkurat på den lille flata som vert nytta til
parkering for utfart opp

den T-merka stien til Kalvedalen. Denne plassen hadde vi opprinneleg regulert inn
ca 100m lengre

ned langs tilkomstvegen på Myklebust-sida av grensa. Vi meiner at det må takast
inn ein slik

parkeringsplass til 4-5 bilar for utfart til Kalvedalen.

Varsel om utviding av planområdet:

Etter forvarslinga er planområdet blitt utvida på 2stadar: Ved starten på Øy jordbruksveg ca (14da)

og ved toppen av Øy jordbruksveg - vassbassenget.

Desse utvidingane er etter det vi veit ikkje formelt varsla. Kommunen hevder at utvidingane er til

fordel for alle partar og at det difor ikkje er behov for varsling. Når det gjeld Vassbassenget og evt

konflikt til startpunkt for den raudmerkte stien opp Kalvedalen burde nok friluftinteressane og

eigarane vore varsla på førehand og fått høve til å uttale seg.»

Vår kommentar:

Ein områdeplan er alltid ein kommunal plan. De vart her opna for at Gardslaget kunne delta i utarbeidinga av ein områdeplan. Dette samarbeidet vart avslutta i 2015 då det ikkje førte fram. Planen slik den var lagt ut til offentleg ettersyn var avklara med gardslaget (jf notat 04.06.2015). Det ligg ikkje føre nokon avtale om vidare samarbeid. Ein områdeplan vert vidare utarbeidd uavhengig av eigartilhøve. Slike private forhold lyt avklarast i ettertid gjennom td jordskifte.

Fleire ulike alternativ og løysingar har vore vurdert undervegs. Det er såleis ikkje nok som er halvert eller koder som er endra, slik Holmen skriv. Planframlegget som er lagt ut til offentleg ettersyn er eit resultat av avvegingar basert på føringar frå planar, retningsliner, planprogrammet og vurderingar i konsekvensutgreiinga.

Eit forvaltningsregime for setrevollen som ivaretek bygningsmiljøet er ein viktig føresetnad for områdeplanen. Fleire utkast har vore diskutert undervegs både med gardslaget og fylkeskommunen. Ulike alternativ frå gardslaget med opning for tilbygg og meir friheit for eigar har vore avviste av fylkeskommunen.

Holmen/Gardslaget tek her opp att fleire forhold som Gardslaget tidlegare har akseptert. Etablering av eit felles sanitærbygg på setrevollen er eit plangrep for å auke bruksverdien av eksisterande sel. Nybygg vil krevje store inngrep i form av skredsikring. Kolbi-selet vart først vurdert som felles sanitærbygg, men fylkeskommunen peika på at dette er eit bygg med stor kulturhistorisk verdi på setra. Det vart difor vurdert andre alternativ. Foldal-hytta skil seg noko ut og ligg i utkanten av setrevollen. Vi ser av merknaden nedanfor at gardslaget nok ikkje har involvert eigar av Foldal-hytta i tilstrekkeleg grad.

Det er omsynssone for både naturbeitemark og kulturmiljø ved avkøyringa til setrevollen i tillegg til stor landskapsmessig verdi. Å opparbeide eit større areal med bærelag for tyngre køyretøy vil vere eit terrenginngrep i strid med andre interesser. Storleiken på ei kombinert samlekve og parkeringsplass for setrestøylen er eit kompromiss som også kan hindre konflikt mellom beitedyr og parkering. Storleiken er også tidlegare akseptert av gardslaget.

Sjølv med ei omlegging og krav til maksimal stigning på 12, 5 % er f_SKV_2 i brattaste laget for å etablere eit større hyttefelt. Særleg kombinasjonen av bratt stigning, knapp kurve er uheldig. Ein bør i utgangspunktet ikkje akseptere utbygging av nye hyttefelt med slik vegstandard, men har her etter ei konkret vurdering kome til at dette kan vere eit kompromiss her for å nytte eksisterande

inngrep så langt som råd. Denne vurderinga gjeld også ved lokalisering av høgdebasseng. For dei felte som ligg for høgt i høve naturleg fall frå høgdebasseng, legg planen opp til pumpeleidning. Alternativt frå eigne borebrønner i f_GF områda «teknisk infrastruktur». Det er ei betre løysing enn å spreie inngrepa ved td å etablere eit ekstra høgdebasseng med tilkomstveg høgt i terrenget.

Det er ikkje høve til å leggje inn vatn utan godkjent utsleppsløyve etter forureiningsforskrifta. Tette tankar krev gode tilkomstveggar for tøming heile året og er i utgangspunktet dårelege løysingar då dei ikkje gjev noko reinsing og behov for bortkøring av mykje avløpsvatn til sentrale reinseanlegg. Forbrenningstoalett kan derimot nyttast også der ein ikkje har innlagt vatn, eventuelt vatn til utvendig tappepunkt. Det skal utarbeidast heilskaplege planar for felles VA-anlegg for kvart byggeområde (BFF). Disse planane skal godkjennast av kommunen før det vert gjeve byggjeløyve. Vi rår til ei presisering av dette i rekkjefølgjekrav i § 8.1c.

Vedkomande Tjørehjellen syner vi til kommentarane til merknaden frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Planen regulerer framtidig arealbruk og ikkje eksisterande bygg. På sjølve setrevollen er derimot eksisterande bygg synte med eigne juridiske linje «bygg, kulturminne som skal bevarast», og nummerering med tilhøyrande tekst i føresegne. Dette då arealet her elles er regulert til LKM «vern av kulturmiljø». Vi ser det ikkje naudsynt å regulere stiar i ein områdeplan. Stiar er enkle trakk som vert tilpassa og endra ved behov. Vi kan ikkje sjå at føresegna til LKM 2 er i strid med ein sti som tilkomst til BFF_E-10.

Arealet avsett til høgdebasseng f_BVF er ikkje konflikt med parkeringsplassen for utfart til Kalvedalen, men lokalisert like nedanfor i enden av eksisterande landbruksveg.

Frå merknaden til Svein Holmen datert den 12.01.2017 som har vore planleggar refererer vi her berre ein utdrag med overskrift «gjennomgang av føresegnene», samt innspelet om ei endra arealavgrensing av BFF_6. Innhaldet elles er tilnærma identisk med vedlegget til merknaden frå Gardslaget. I tillegg inneheld merknaden ei samanblanding av privatrettslege forhold vedkomande opphavsretten til plandokumentet. Dette har administrasjonen tilbakevist i brev datert den 24.01.2017 og ser ingen grunn for å trekkje dette inn i handsaminga etter plan- og bygningslova.

«Gjennomgang av føresegnene:

§1 – Føremål: Eg meiner at dette avsnittet ikkje høyrer heime i juridiske føresegner. Dette er ei agendaærklæring frå planetaten med 3 ord om utbygginga og resten om vern inklusive saksopplysningar.

§5.1 – dei to siste avsnitta – Dette er uklårt, sjå eigen kommentar om vassforsyninga og avlaupet.

§5.3.1 – 2.avsnitt: Vanlegvis inngår (delar av) større skråningsutslag i sideliggande føremål

§5.3.3 – Max stigning på f_SKV_2 skal vere 12,5%. Tidlegare var max stigning sett til 8,5%

-BFF_E12 har bygd sitt museumsanlegg ut frå tilkomst frå setresida over elva. Å vende tilkomsten

til motsett side av bygga vil bli krevjande, gi store terrenginngrep og skape konflikt til eigar.

-SKV_7 skal vere felles tilkomst til BFF_4-1 og halve BFF_4-2

-BFF_E18 (Styrhytta) skal ikkje ha tilkomst frå f_SKV_8.

§5.3.4 - BFF_E4,5,6 og7 har ikkje fall mot BRE_1. Bør ha eigen felles svartvasstank

-BFF_E12 må evt løfte svartvatnet ca 5m opp for å nå felles svartvassleidning til BRE_2

Det burde kanskje heller vurderast å regulere inn felles svartvasstank for dei eksisterande hyttene

BFF_E11,12,13,14og15

-BFF_4-3 skal ha svartvassleidning til BRE_3

-BRE_4 skal vere felles berre for BFF_5 og 6. 4-3 har fall og kort avstand til BRE_3

§5.4.1 – f_GF_4 skal vere felles for BFF_4-1, 4-2 og 4-3. 4-3 er ein del av BFF_4 – det er berre tilkomsten som knyter BFF_4-3 til BFF_5

f_GF_5 skal vere felles berre for hyttene i BFF_5 og 6

§5.4.2 – For GT_2 er føresegna OK

Men GT_1 er ein del av «Follestråsa» som er lansert som ein samanhengande turveg (enkel standard) frå Ørsta sentrum, opp Follestadalen og vidare over Standalseidet og ned til storeStandal. Dette prosjektet er ikkje teke inn i noko kommunal oversiktsplan, men så er heller ikkje kommuneplanen for Follestadalen/Standalseidet revidert sidan 1991. «Follestråsa» er etter mitt skjønn eit framtidsretta prosjekt og føresegnene for denne turvegbiten (GT_1) gjennom planområdet burde i større grad attspegle dette .

§5.5.1 – lovleg med «skogsdrift og gardstilknytt nærings basert på garden sitt ressursgrunnlag»

men ulovleg med «...treslagsskifte, nydyrking og flatehogst»

Kva står då att – veding, organisert guiding, bærplukking og jakt? Eg syst at denne begrensinga er

i strammaste laget. Bør kanskje samordnast med jordskiftet

§5.5.4 – siste ledd: «Innegjerding av samlekvve skal vere av solid utføring i tømmer» bør gå ut. Her har nok brukarane si klar oppfatning og vil nok sjølv bestemme inngjerding uansett.

For §5.7.1 og 5.7.5: For omsynssonene H_560_1 og 2 samt H_570 bør det spesifiserast kva som

er lovleg og ulovleg. Her er berre sagt at «det er ulovleg med verksemd / tiltak som er til skade for

verdiane knytt til formålet» og då vert det altså opp til vernemyndet å vurdere / avgjere kva som

skal vere lovleg i kvart tilfelle. Dette må vere ei avvegning etter kva samfunnsnytte tiltaket har.


Erfaringsmessig vil vernemyndet helst seie «nei, nei!» uansett. Og politikarane vil vere utspelte.»

«Avgrensing BFF_6

Innstramming av BFF_6 er grunngeve med synbarheit frå Standalssida (Alpelandsbyen). Slik avgrensinga no har blitt er det berre den brattaste ryggen og høgaste toppen på haugen som kan nyttast til hyttetomter og tilkomstveg, og dette er etter mitt skjønn den mest synlege delen av BFF_6. Eg aksepterer at det er viktig å dempe ned inntrykket av bebyggelsen, men dette oppnår vi kanskje best ved god terrengtilpassing. Eg har laga ei alternativ avgrensing som er synt nedanfor.

Byggeområdet for hyttene er trekt lavare ned og inn i søkket rett aust for noverande avgrensing. Byggeområdet er i tillegg trekt unna myra i sør, og toppen på haugen er lagt ut til felles friområde. Tilkomstvegen er lagt bak BFF_5 som

forlenging av SKV_9 heilt ute av sikt frå Standalssida og kommunevegen. Med den smale avgrensinga på det kommunale BFF_6 vil tilkomstvegen måtte få stigning på ca 11,5% opp i området. Ved å flytte vegen opp ovanfor BFF_5 får vi flat tilkomst som i liten grad krysser myr, og vi sparer fossekallhabitatet og vernesona langs elva for inngrep.»



Vår kommentar:

Å presisere føremålet med planen i føresegna er ikkje naudsynt, men ryddig.

4. avsnitt i §5.1 skal syne vidare til § 5.3.4 samlepunkt renovasjon f_BRE og ikkje § 5.3.3. Dette er retta. Det er ikkje kravd tilknytning til vassforsyning og felles avløpsanlegg i planen, men at det skal utarbeidast heilskaplege planar for VA-anlegg for kvart byggeområde (BFF). Der det er regulert arealbruk for slike fellesareal vil det ikkje vere greitt å opne for andre løysingar. Dekking av felles utgifter lyt då sikrast gjennom private avtaler ved sal av tomter. Alternativt kan ein ta inn i reguleringsføresegnene eit juridisk krav om tilknytning til felles avløpsanlegg for dei aktuelle tomtene, sjølv om fellesanlegga her vil vere private (jf plan og bygningsloven § 27-2, 3. ledd). Tilsvarende kan ikkje krevjast for vassforsyninga då det vil vere ei privat vassleidning (jf plan –og bygningsloven § 27-1). Som kommentert i merknaden ovanfor rår vi til ei presisering i rekkjefølgjekrava sin § 8.1.

Visinga til § 35 i PBL i 2. avsnitt av § 5.3.1 er ein feil som heng igjen frå den gamle lova og skal no vere § 16-2. Dette er retta i framlegget.

Tilkomst til BFF_4-2 og BFF_E-18 går fram at juridisk kart og føresegn. Eksisterande hytter på Litleåsen BFF_E-4, 5, 6 og 7 ligg fleire meter høgare enn feltet BFF_1 og har godt fall mot f_BRE-1. Ei tilknytning mot f_BRE-1 vil krevje mindre terrenginngrep enn ei eiga felles leidning nordover mot Standalvegen (o_SKV-1). Vedkomande BFF_E12 syner vi til kommentar til eigen merknad.

§ 5.3.4 vert retta til: «-BRE_3 skal vere fellesområde for alle hyttene i BFF_4» og «- BRE_4 skal vere fellesområde for alle hyttene i BFF_5».

§ 5.4.1 vert retta til: «-f_GF 4 skal vere felles for alle hyttene i BFF_4» og «-f_GF 5 skal vere felles for alle hyttene i BFF 5»

Føresegna for turstiane GT 1 og 2 er tilpassa føremålet som enkle

turstiar/skiløyper og omsynet til andre interesser som landskapseffekt, kulturminner og naturbeitemark i nærområdet.

Treslagsskifte med planting av gran, eller nydyrking vil vere i konflikt med føremålet til planen om å satse på ei utbygging av fritidshytter samtidig som ein ivaretaking omsynet til landskap, natur og friluftsiinteresser. Større flatehogst av lauvskogen i området vil og vere negativt og i strid med reglane om vernskog. Planen legg likevel opp til å skjerme dei viktigaste dyrkbare områda frå nedbygging slik at ein seinare kan gjere ei ny planvurdering om tilhøve til matforsyning skulle verte vesentleg endra. Unntaket er BFF_2.

Punktet om innegjerding av samlekevea er avklara med gardslaget og viktig i høve lokaliseringa sentralt på setrestøyle. Vedkomande føresegn for Tjørehjellen går dette fram av merknaden til fylkeskommunen.

Innspelet om ei justering av BFF_6 vil inneber ei utbygging i nettopp dei områda som vil gje størst inntrykk av ei samanhengande utbygging i dei flate områda vidare austover mot Standal-hytta/alpesenter. Dette er vurdert til stor negativ konsekvens for landskapseffekten i konsekvensutgreiinga og er grunnen til at BFF_6 (B8) fekk ei avgrensa utbreiing i høve varsel om oppstart. Ei vegføring som synt vil og kome i konflikt med naturtyperegistreringa. Heile BFF_6 vil vere eit relativt dyrt areal å byggje ut i høve talet på tomter og skal ein klare å dempe inntrykket og unngå å gje eit inntrykk av eit samanhengande byggeområdet frå Myklebustsetra til Standaleidet lyt omfanget og utforming haldast nede.

Anne Stine Foldal Aam, 14.01.17

Eg vil med dette protestere på forslaget til områdeplan for det som gjeld Foldal-hytta nummerert med # 13 skildra i planomtalen side 30 pkt 3 V/A for setrevollen, og side 40-42, og i vedlegg 5.4 kulturminner og kulturmiljø Myklebustsetra

Historikk:

Mine oldefedre frå Follestaddalen sette i 1936 opp ei hytte på Myklebustsetra, til mine besteforeldre og til nytte og glede for storfamilien deira.

Hytta var tilpassa eksisterande bygningsmiljø på setra på denne tid, og lagt i utkanten av støylen ikkje minst av rasomsyn. Den skulle heller ikkje ta viktig beitemark frå dei som på denne tida hadde setredrift med mjølkekyr.



For farmor, og ikkje minst farfar som var lam, var det viktig at dei hadde høve til å kome fram til hytta med bil, noko som også var ein grunn til plasseringa. Hytta er ikkje forandra i areal eller utforming i alle desse 80 åra, og har vore ein viktig samlingstad også for syskjena til mine besteforeldre, deira born og borneborn.

Vi syns sjølvsgagt det er leitt at fleire bygningar på setra er så mangelfullt vedlikehaldne. Bygninga vår er vedlikehalden med tanke på at den ikkje skal framstå som endra, og er difor okergul i motsetnad til mange av sela som no er raude. Endringa er at listene siste 30 åra har vore brunmåla. Dei seinare åra er kledning og tak skifta og hytta er isolert utan endring av bygningskroppen eller byggestil.

Tidlegare var imidlertid både bakeriet, (kan skimtast i bakgrunnen på biletet ovanfor) og Nils-selet brunmåla. Det er sjølvsgagt ikkje vesentleg for oss at hytta er gul, men ein av dei større grunneigarane meinte dette var beste fargen sist hytta vart beisa/måla.

Som kompensasjon for grunn, heldt farmor og farfar grinda og vedlikehald av denne, mellom Øy og Myklebust. Då vegen vart kommunal og det ikkje var grunder lenger, bygde dei ein utedo til bruk for alle som nytta sel og hytter på sætra. Det er mange år sidan vår familie bad om ei meir formell bygsleavtale på grunn med grunneigarane, men diverre er det ikkje semje mellom grunneigarane på Myklebust på korleis dette skal løysast.

Hytta er såleis i eige av Sylvi Olaug Hoggen og meg på vegne av mine syskjen. Grunnen er eigd av gnr/bnr 29/1 i følgje kartverket, medan plandokumenta seier noko anna.

Kvifor protesterer vi?

1. Det seier seg sjølv at når ein i konsekvensutgreiing meiner at ei ombygging av denne 80 år gamle hytta til sanitæranlegg, vert vurdert som tiltak med positive eller ingen kjende konsekvensar, så må det i beste fall skuldast kunnskapsløyse og ei anna tilnærming til folkeskikken enn det innbyggjarane i Ørsta har. (jfr side 30 i planomtalen).

2. Hytta skil seg slett ikkje klart ut i form, jfr planomtalen side 40. Dette er ein påstand som manglar fagleg grunngjeving, og som heller ikkje let seg dokumentere utifrå bileta i dokument vedlegg 5.4. Hytta er oppsett i same byggestil som sela på setra. (Takvinkel, glasing, utforming av dør, nøktern stil og omfang).

3. Hytta er vedlikehalden og vert nytta som den har vore, noko vi ynskjer skal vedvare.

4. Plassering av sanitæranlegg må på generelt grunnlag, av hygieniske grunnar med vising til drikkevassforskrifta, skje slik at det ikkje kan ureine vatn som er eller kan verte nytta til drikkevatt. Setra har i alle år hatt vasskjelde i mjølkehusa i form av oppkome. Ein har generelt dårleg erfaring med bruk av såkalla tett tank i nærleiken av drikkevasskjelder. (jfr Fjellsætra i Sykkylven).

Øvrige kommentarar:

Vi synes det er spesielt at det i ei planomtale vert tatt fram spørsmål knytt til eigedomsrett, då dette utifrå forvaltningspraksis ikkje er vanleg i slike saker.

Vi synes også det er underleg at ein skal ta eit av bygga som er best vedlikehalde til sanitæranlegg, også med tanke på at uheldig plassert i høve risiko for ureining av drikkevatt.

Eit slikt sanitæranlegg må, dersom ein skal ha dette på ein setrestøyl, vere plassert slik at det ikkje er risiko for ureining, og at det ikkje er til ulempe verken for enkelteigarar, eller for bruken av området.

Konklusjon:

Vi ber med dette om at Ørsta kommune imøtekjem merknaden vår, og endrar områdeplanen slik at vår eigedomsrett ikkje vert krenka, at Foldal-hytta kan nyttast som no, og at eit eventuelt sanitæranlegg vert plassert og bygd i høveleg byggestil ein annan stad på setrevollen.

Vår kommentar:

Det er konsekvensen av planframlegget for ulike utgreiingstema som vert vurdert i konsekvensutgreiinga. Dette følger av rettleiaren til utarbeiding av konsekvensutgreiingar Setrevollen har i dag ein felles utedo. Etablering av eit felles sanitærbygg for setrevollen er vurdert å vere positivt i høve utgreiingstema vatn/avløp for setrevollen som heilskap. Vi legg til grunn at dette kan etablerast utan å skade eller ureine oppkoma.

Ein områdeplan endrar ikkje på privatrettslege forhold. Foldal-hytta er i framlegget regulert til kombinert føremål sel/felles sanitæranlegg. Vidare bruk som sel vil då vere i samsvar med framlegget til områdeplan. Eventuell ombygging som sanitærbygg føreset semje med eigar. Vi ser at dette teamet ikkje har vore godt nok avklara frå gardslaget og ser behov for å finne eigna alternativ. Ei moglegheit for eit slikt felles sanitæranlegg er likevel viktig for bruken og funksjonaliteten til dei øvrige sela og dermed også som eit insitament til vidare bruk og vedlikehald. Vi rår til å opne for å nytte Kolbi-selet (#4), eller opphavelig fjøs på # 14 som planen opnar for å gjenreise, som alternativ til Foldal-hytta (#13).

Planomtalen vert endra til at bygget skil seg noko frå dei andre sela i utforming og plassering.

Vidar Kjetil Myklebust og Anita Ragnhild Nybø, 14.01.17

Underteikna har fått tilsendt saksdokument knytt til denne reguleringsplanen.

Bakgrunnen er av vi

som arvingar etter Reidar og Marry Myklebust har bygsel på ei hyttetomt innanfor det regulerede

området. Tomta ligg på området kalla Myrane nede ved elva ved Myklebustsetra,

med gnr. 29 bnr.

10 fnr. 2.

Tomta ligg innanfor det området på Myklebustsetra merka LKM_2. Den er altså regulert som verna

kulturmiljø. Vi får såleis ikkje, i følgje reguleringsplanen, byggje noko hytte på denne tomta. Den aktuell reguleringsplanen tek såleis frå oss ei hyttetomt, noko som er eit vesentleg tap.

Vi ber Ørsta kommune finne ei løysing som kompenserer for dette tapet. I

dokumentet «Områdeplan

for Myklebust setermark» vedteke 15.11.2016 side 41 tredje kapittel, der Myra blir omtalar, står følgjande: «To privatrettslege ubebygde hytte-rettar må då erstattast av hyttetomter på anna

lokalitet». Den eine av desse omtala tomtene er vår.

Dersom vi ikkje får byggje på tomta vi har bygsel på, ber vi om at vi får tildelt ei erstatningstomt i tråd

med sitatet vi ovanfor har vist til i planomtalen. Vi ber vidare om informasjon om eventuelle

kostnader knytt til at vi får tildelt ei slik erstatningstomt, og informasjon om kven som i så fall skal

dekkje desse kostnadane. Vi ber også om at vi får medverke i utveljinga av erstatningstomta som skal

kompensere vår tomt som går tapt med bakgrunn i reguleringsplanen.

Vår kommentar:

Dette arealet ligg i dagens kommuneplan i LNF son D – der fritidshus ikkje vert tillate med unntak av i regulerte felt. Planen inneber såleis inga endring, utover å synleggjere omsynet til kulturmiljøet (LKM_2) rundt setrevollen som viktigaste interesse i LNF området. Ein områdeplan endrar ikkje på privatrettslege forhold. Eit ønskje om å byte areal lyt takst opp med gradslaget etter at planen er vedteken og vurderast i høve jordskifte.

Siv.ark. Knut Brekke pva Terje Myklebust, 15.01.17

I samband med eit arkitektoppdrag for tilbygging av hytta (BFF_E15) til Terje Myklebust, høver det

å kome med nokre merknader til kommunens framlegg til reguleringsplan for området.

Det ville vere ynskjeleg om dette store arbeidet hadde vore presentert på ein meir oversikteleg måte.

Ein fagmann kan med litt arbeid finne fram, men dette er eit viktig offentleg dokument som skal

vere lett tilgjengeleg for den ålmenne ålmenta: Oversikteleg innhaldsliste med sidetal,

kapittelinnending, lettleslege kartutsnitt mm.

Vedlagde skisser (2 stk.A4) datert 22.12.2015 av grunnplan og nordfasade er førebelse, men dei

syner at det vil kome ein dispensasjonssøknad. Dispensasjonssøknaden vil omhandle utsjånad,

arealstorleik og mønehøg d i høve til forslag til krav til bygningar i paragrafane 5.1 og 5.2 i

Områdereguleringsplan for Myklebust setremark.

Vi viser til paragraf 5.1 og til Planomtalen, side 39, Tekniske anlegg – Vatn og avløp:

«For hytter som ikkje ligg i tilknytning til regulerte gravitasjonsleidningar for felles svartvasstank er

det føresettt forbrenningstoalett utan innlagt vatn».

Reguleringslanen er uferdig når eksisterande hytter ikkje er medtekne i plan om anlegg for vatn og avløp.

Med omsyn til hytta til T. Myklebust, BFF_E15, vil vi foreslå felles svartvasstank saman med tilliggande eksisterande hytter. Gråvatn kan gå til godkjente sandfiltergrøfter. Innlagt vatn frå felles brunn fungerer allereie godt.

Paragraf 5.2 foreslår talfesta krav til bygningsareal, mur- og mønehøgd. I tillegg er det lista opp ein

lang rekke av krav til framtidige hyttebygg om fargar, takteking, materialbruk og «god form». Ved

søknad er kommunen pålagt å vektlegge «...ei harmonisk utforming i høve terrenget og i respekt for

lokal byggeskikk». Kva er lokal byggeskikk? «Harmonisk» er det kinesiske kommunistpartis propagandaord.

I ein kommune med sakshandsamarar utan fagleg kompetanse om arkitektur, estetikk og historie

kan kanskje slike detaljerte påbod for all framtidig bygging vere nyttig, men bindingane er

hemmande for framtidige omsynsfulle og ofte høgt utdanna tiltakshavarar.

På aller høgste Standaleidet ligg ei hytte og eit uthus i himmelsjå og bryt landskapet si teikning mot

himmelen. Slik plassering på tomta bør ikkje bli godkjent.

Fylkeskonservatoren sin kritikk av kubiske hytter med bratt tak ved Standalsetra er forståeleg.

Forståeleg er ikkje hans krav til ny hyttebygging i området rundt setra: «Omfanget det er tenkt opna

for er alt for stort for ikkje å bli for dominerande i området. Hyttene må bli lagt lite synleg frå

støylen». Dette bør kommunen forholde seg fritt til og tenke på framtida.



Vår kommentar:

Innlagt vatn krev godkjent utsleppsløyve etter forureiningsforskrifta. Ei felles avløpsløyving basert på naturleg gravitasjon som omfattar BFF_E-15 vil måtte

ligge svært nære og innanfor den flaumutsette sona langs Steindøla. Det vert ikkje opna for nye fritidsbygg her, og områdeplanen stadfestar mest eksisterande hytter med naturleg arealavgrensing av byggeføremål fritidsbustad.

Føresegnene bygger på nasjonal mal for korleis ein skal regulere faktorar som byggeareal, volum, materialbruk mv. Som omtala i 3. avsnitt ligg det ved ei skisse (vist ovanfor) med eit tilbygg på knapt 110 kvm grunnflate til eksisterande hytte på ca 40 kvm. Skissa syner eit tilbygg med moderne preg og store vindauge. Det skisserte tilbygget er ikkje i samsvar med føresegnene til områdeplanen i areal eller utforming, jf § 5.2 – tradisjonell form og uttrykk med saltak og ikkje vere større enn 100 kvm BRA. Vi ser på skissa som eit døme på noko ein ikkje ønskjer å opne for, og ser ikkje grunnlag for å endre § 5.1 og 5.2 slik merknaden argumenterer for.

Reidun Monsholm, Ragnhild Myklebust, Torill Tomren, Olav L. Myklebust, Arnstein Myklebust, 14.01.2017

Vi viser til forslaget til områdeplan for Myklebust setremark som er lagt ut til offentlig ettersyn, og har nokre merknadar som gjeld vår eigedom som i planen er referert til som BFF_E 12. Desse merknadane gjeld:

- 1. Tomtegrense*
- 2. Inngjerding av eigedomar*
- 3. Ny veg og sanering av eksisterande veg og bru*
- 4. Avløp*

Vi har engasjert advokat Anders Evjenth i advokatfirmaet Bull & Co og fått ei juridisk vurdering av saka. Han påpeikar, som rettslig bakgrunnsinformasjon, at ein reguleringsplan kun har bindande virkning for framtidige søknadspliktige tiltak. For at planen skal ha virkning for eksisterande tiltak, må det inngås avtalar med rettighetsinnehavar. Vår vurdering er at forslaget til områdeplan tek altfor lite omsyn til dei rettane vi har. Forslaget tek ikkje omsyn til lovleg etablerte faktiske tilhøve ved vår eigedom. Vi reknar med at dette er ei mistyding, og forventar at dette vert retta opp før reguleringsplanen vert vedteken.

Vi vil presisere at vi ikkje er motstandar av at det vert lagt til rette for auka hyttebygging og bruk av området. Men det noverande planforslaget inneheld fleire punkt som direkte vil råke oss på ein svært negativ måte, utan at det er vist til gode grunnar til at det må gjerast slik.

Før vi går inn på dei enkelte punkta vil vi starte med litt historikk:

Allereie i 1946 starta Olav Myklebust bygging av hytte på denne staden, etter at han fekk løyve frå alle grunneigarane i området. I 1957 vart det gjort utskifting av området, og i 1964 fekk han tinglyst bygslekontrakt (Sjå Vedlegg 1).

Sidan vi har registrert at enkeltpersonar i Follestaddalen tidligare har stilt spørsmål ved om det i

det heile teke var lovleg å feste bort tomter i området, så vil vi vise til servituttskifte i 1958: «Ei utskifting av eigedomshøva for setremarka vart avslutta med overutskiftning i 1958 . Det vart

avklara servituttskifte: "Innen desse felter har eierne rett til å dyrke jord, opparbeide kulturbeite og bortbyggle hyttetomter ..." ».

Både avgjersle i jordskifteretten i 1957 og bygslekontrakta stadfestar vår vegrett langs elva.

Basert på ei brennande interesse for historie og antikvitetar har Olav og Ragnhild Myklebust brukt all si fritid gjennom nesten 70 år på å skape sitt «livsverk» på denne staden. På eigedomen står mellom anna eit snart 600 år gammalt stabbur og eit 150 år gammalt overvasshjul, begge opprinneleg frå Barstad i Ørsta. Stabburet vart i 2016 restaurert med støtte frå Kulturminnefondet, medan overvasshjulet er under restaurering no, også det med støtte frå Kulturminnefondet. Eigedommen inneheld også ei stor privat antikvitetssamling, og eigedomen kan beteiknast som eit privat museum – sjølv om vi ikkje held ope for publikum, men berre tek imot besøkande etter avtale.

I 1998 vart Ragnhild og Olav Myklebust heidra med å få kulturprisen av Ørsta Kommune for sin innsats for å ta vare på kulturarven vår og det dei har skapt på eigedomen.

Alle bygningar og tekniske anlegg på eigedomen er sjølvsgagt oppført etter gjeldande lover og

føreskrifter, og er godkjende av Ørsta Kommune. Bygningane, så vel som tilkomstvegen langs elva er på grunn av vegetasjon ikkje godt synlege frå setrestøylen, og er ikkje til sjenanse for nokon.

Dersom denne planen vert gjennomført slik han framstår i dag, vil dette krevje så store endringar og inngrep på eigedomen at det vil måtte beteiknast som eit stort overgrep som ikkje på nokon måte kan forsvarast – og som i så fall vil medføre erstatningsplikt.

1. Tomtegrense


Vi registrerer at den nordlige tomtegrensa for eigedomen vår i plankartet har blitt endra slik at

eigedomen ikkje går heilt i elva som beskreve i den tinglyste festekontrakta.

På side 44 i Planomtalen står det: «Eksisterande tomter vert avgrensa ut frå dagens situasjon».

I festekontrakta vår står det heilt klart at «eigedomen grensar i nord til elva i ei lengd av ca 55m».

Plankartet på side 3 i Planomtalen viser tomtegrensa slik den skal være i henhold til bygslekontrakta (litt dårleg oppløysing på dette):



Vi reknar som sagt med at dette er ei mistyding, og kan sjølvsgagt ikkje godta at eigedomen vår vert redusert i areal på ein slik måte.

Vi ber om at dette rettast opp slik at heile arealet som festet omfattar blir teikna inn i plankartet.

2. Inngjerding av eigedomar

Det står i reguleringsføresegner pkt. 5.1. – BYGNINGAR OG ANLEGG BFF OG BFF_E:

Tomtene kan ikkje gjerdast inne, men nære ute-opphaldsplassar kan avskjermast for å hindre

husdyrtrakk heilt inni dørene. Vi har eit eksisterande gjerde rundt vår eigedom som har stått på same stad sidan tidleg på 1950-talet. Kommunen og representant for jordskiftekontoret var på 1970-talet på befaring og godkjende gjerdet.

I tillegg til det gamle stabburet og overvasshulet har vi i sommarhalvåret ei stor mengde antikvitatar både langs hytteveggane og ute på tunet. (Sjå Vedlegg 2 som viser bilete av stabbur,

overvasshjul og ein del antikvitatar på tunet)

Gjerdet kring eigedomen er etter vårt syn heilt naudsynt for å hindre at sauer og kyr kan kome til og gjere skade på stabburet, overvasshjulet eller antikvitatar, så vel som på bilar, plantar og anna som er på eigedomen.

Vi refererer samstundes til Utdrag frå rettsboka til Møre og Romsdal

Jordskifteoverrett vedkomande overjordskifte på Myklebust gnr 29 i Ørsta frå 1.november 1958:

Gjerdehald:

Ønsker noen å innhegne de felt de dyrker eller tilordner som kulturbeitefelt har de anledning til dette på egen kostnad. Vi kan ikkje sjå at gjerdet er til sjenanse eller ulempe for nokon, og forutset at vi ikkje skal måtte rive eksisterande gjerde. Vi har ulåste grunder både i øvre og nedre del av eigedomen, også på brua, og hindrar såleis ingen i ta seg over eigedomen.

Ettersom gjerdet allereie er lovlig etablert, ber vi om at det i reguleringsbestemmelsane presiserast at gjerdeforbudet ikkje gjeld for vår eigedom.

3. Ny veg og sanering av eksisterande veg og bru

I reguleringsføresegner pkt 5.3.3 Felles tilkomstvegar (f_SKV) står det:

Felles tilkomstveg f_SKV 3 skal vere felles for hyttene i BFF 2, BFF_3 og BFF_E-8, 9, 11

og 12. I planomtalen punkt 8, s.39 står det : «Dei eksisterande hyttene BFF_E-8, E-9, E-11 og E-12

får på sikt ny tilkomstveg (SKV_3) frå vest via Øy dyrkingsveg. Eksisterande bruer og tilkomstvegar

til disse 4 hyttene skal då fjernast etter kvart som ny tilkomst frå vest (SKV_3) vert bygd».

Vår tinglyste bygslekontrakt frå 1964 gir oss vegrett frå fylkesvegen og langs Steindøla:

«Bygslaren får vegrett: «frå grense 7 nord til brua skal «det vera framkomstrett langs vestre

side av sætreelva nord «til brua», slik som fastsett av jordskifteretten i sak 1/50, slutta

18/12-1957. Til bruk for bnr 10 skal denne vegen lengjast over elva og gå over bygsleteigen

langs nordaustre og søraustre grense. Vidare får bygslaren rett til gangveg frå sætrevegen

langs nordaustgrensa av bnr 10 sin bruksteig til parsellen.»

Vegen som ligg der i dag blei opparbeida av Ragnhild og Olav Myklebust, og har sidan det vore

vedlikeholdt av oss. Vi har hatt bru over elva sidan den første hytta vart bygd i 1946. Denne brua vart bygd etter avtale med grunneigar. Betongbrua som vi bekosta og bygde i 1975 vart bygd etter avtale med Ørsta kommune og med grunneigar. Ei eventuell sanering av veggen og krav om at tilkomst skal skje frå sørvest, vil legge urimelege bindingar for korleis vi kan disponere eigedomen vår, som heilt ifrå oppsetting av den første hytta i 1946 har vore planlagt utifrå tilkomst frå nedsida (nord). Ved ei eventuell sanering av den eksisterande veggen og tilknytning til ny veg i sørvest, vil tilkomst til den eldste hytta (og til garasje) måtte skje ved å lage innkøyrsløp langs heile den sørlige delen av eigedomen, og dermed avskjære oss frå alle planar for eit lunt og grønt uteområde på oppsida av den nyaste hytta.

Vi finn det urimeleg at den eksisterande veggen skal stoppe etter BFF_E 15 og at dei siste 50

metrane fram til hytta vår skal sanerast. Vi kan ikkje sjå at denne siste vegstubben eller brua skal

være til sjenanse eller ha negativ betydning for nokon. Tvert om, så vil det være ein fordel for dei

som ynskjer å besøke museet å kunne nytte den eksisterande veggen langs elva for å kome seg frå

setrestøylen og opp til museet i staden for å måtte køyre ein lang omveg. Denne vegstubben og brua er heller ikkje lett synleg frå setrestøylen, og dermed heller ikkje visuelt sjenerande for nokon.

Vi motset oss difor sanering av den eksisterande veggen og brua. Vi krev at vår eigedom også får

tilkomst frå nord via SKV_6 på same måte som eigedomane BFF_E 14 og 15. Vi vil heller ikkje kunne godta å betale for tilkobling til felles tilkomstveg, sidan denne ikkje vil være til nytte for oss.

På s.44 står det at «BFF E-13, 14 og 15 skal framleis ha tilkomst frå nord via SKV_6, og felles

parkering med E 16 og 17».

Vi gjer merksam på at det på same sida i planomtalen også står: «Seinast ved utbygging av BFF_3-

2 skal BFF_E 14 og 15 knytast til og få ny tilkomst frå SKV_3.». Vi antek at dette siste er ein feil. I

motsatt fall vil dette krevje forlenging av SKV_3 over vår eigedom i sørvest og rett forbi hytta

vår, noko som vil være svært negativt og uakseptabelt for oss)

I denne samanheng viser vi til at vi har ein lovlig etablert tilkomst fram til vår hytte.

Ei eventuell

ending ville i tilfelle medføre at enten kommunen eller utbyggjar

1) Opparbeider og tilrettelegg for ny tilkomst fram til tomte

2) Erstattar utgifter, verditap og ulemper som fylgje av omlegging av intern tilkomst på

eigedomen.

4. Avløp

Det står i reguleringsføresegner pkt. 5.1. – BYGNINGAR OG ANLEGG BFF OG BFF_E:

Hytter innanfor planområdet kan ha innlagt vatn frå felles vassforsyning (f-BVF), og tilknytast separert avløpsløyse ved felles svartvasstank slik det går fram av §

5.3.3. Øvrigetomter lyt eventuelt basere avløp på bio- eller forbrenningstolett. Vi har sidan 1997 hatt ein 4m³ septiktank som vart installert i samsvar med krav frå Ørsta Kommune. Godkjenning frå Ørsta kommune datert 19. august 1997 er signert Even Hovde, med kommentaren: «Hytta har hatt vatn og avløp i over 20 år. Eigarane valgte no å utbetre avløpet etter dagens krav.»

Tøming av septiktanken skjer regelmessig i samsvar med krav frå VØR/Ørsta Kommune.

På grunn av høgdeskilnad og avstand til eit eventuelt tilknytningspunkt på SKV_3 vil tilknytning til det planlagde fellesanlegget være både komplisert, omfattande og dyrt. Høgdeskilnaden vil være på minimum 6 meter, og vil såleis krevje pumpeanlegg. I tillegg vil det være behov for graving av fleire grøfter over meir enn halve eignedomen, med dei ulemper dette vil medføre. Dette vil også ha negative miljømessige konsekvensar som ikkje på nokon måte kan forsvarast, då det opplegget vi har i dag er godkjent og fungerer fint.

Vi forutset difor at vi ikkje må knyttast til felles avløpsanlegg.

Vi ber om at det presiserast i bestemmelsane pkt. 5..1 at tilknytningsplikta ikkje gjeld vår eigedom.

Oppsummering:

Vi kan ikkje sjå gode grunnar til at vår eigedom skal måtte omfattast i så stor grad som er beskrevet i denne utbyggingsplanen:

- Tomtegrense for eignedomen vår i nord er vist feil i plankartet
- Vi har eksisterande tilkomst som er tilpassa den bruken vi har på eignedomen i dag, med høveleg tilkomst til begge hyttene.
- Vi har eit velfungerande kloakkanlegg som er godkjent av Ørsta Kommune.
- Vi har eit godkjent gjerde rundt eignedomen som vern av antikvitetar og av dei antikke bygningane på eignedomen.

På denne bakgrunn ber vi om at planen endrast slik at:

- tomtegrensa vert korrigert slik at den stemmer med bygslekontrakta - tomta går heilt i elva i nord
- vår eigedom skal ikkje omfattast av krav om tilknytning til veg- og kloakksystem
- kravet om sanering av den eksisterande vegen/brua blir teke bort
- eksisterande gjerde rundt eignedomen kan bli ståande

Vår kommentar:

Ein områdeplan styrer framtidig arealbruk og har ikkje tilbakeverkande kraft. Private rettar kan gje grunnlag for å kunne søkje om løyve, men set ikkje vedtekne planar tilside. BFF_12 er i planen regulert til frittliggande fritidsbustad. Det er alt eit eksisterande gjerde rundt eignedommen. Arealet langs Litleåsen er vurdert som lite attraktivt for beiting. Føresegnene opnar for å kunne avskjerme nære uteopphaldsplassar for å hindre husdyrtrakk heilt inn i dørene. Vi legg til grunn at dette vil vere ei tilstrekkeleg løysing også for BFF_E-12.

Ny veg f_SKV_3 frå vest vil gje BFF E-12 ei betre vegløyving enn i dag. Fleire private bruer over Steindøla som ikkje er dimensjonerte og sikra i høve dagens krav kan då erstattast. Vegen på nordsida av Steindøla kan likevel nyttast fram til den nye vegen f_SKV_3 vert etablert fram til BFF_3-2. Planomtalen side 44 vert å rette opp slik dette kravet syner til BFF E-11 og 12, ikkje E14 og 15.

Ein områdeplan endrar heller ikkje eigedomsgrensene. Det som er synt i kartet som BFF-12 er arealet som er regulert til fritidsbustad, ikkje ei endring av

eigedomen sine grenser. Av omsyn til ålmenne interesser, fri ferdsel og flaumfare vert det ikkje regulert utbygging til fritidsføremål (BFF) heilt til elva.

Det gjeld nye krav til avløp i forureiningsforskrifta frå 2007. Anlegg bygd etter eldre standard stettar ikkje dagens krav og er ikkje god nok grunn til å sjå bort frå gode framtidige felleisløysingar. Det vil vidare gå mange år før den nye veggen f_SKV_3 med felles avløpsledning mot f_BRE-2 vert før fram slik at BFF_E-12 må knyte seg til. Siste del av veggen på nordsida av Steindøla og bruer er flaumutsette og ikkje dimensjonerte for dagens utstyr.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 16.01.17

Generelt

Det er lagt fram reguleringsplanframlegg til offentleg ettersyn for Myklebust setremark på Standaleidet. Føremålet er å sikre ei tilpassa og balansert utbygging av fritidsbustadar, samtidig som ein ivaretek natur, landskap og friluftssinteresser, samt Myklebustsetra sin status som regionalt kulturminne. Planen omfattar 6 nye byggeområde. 4 av felta er detaljregulerte, medan to er flateregulerte. I tillegg vert eksisterande sel på setrestøylen regulert gjennom føresegner.

Natur- og miljøvern

Den såpass omfattande utbygginga som det blir lagt opp til, vil måtte endre opplevinga av landskapsrommet. Det er mykje hyttebygging frå før på Standaleidet og på Bondalseidet, og vi kjenner ikkje til at det er gjort marknadsundersøkingar som kan vise at det er eit reelt behov for utbygging her i denne målestokken.

Når det gjeld området BFF2, står det i planomtalen at dette kjemi konflikt med leveområdet til enkeltbekkasin. Utbygging her vil også ifølgje medføre drenering av noko myrareal, noko som er uheldig. Aust i planområdet, på BFF6, ser det ut til at hyttene vil ligge på ei lita høgde i terrenget, noko som truleg vil kunne gi dei ei dominerande landskapsverknad. Når det heller ikkje ligg føre noko dokumentasjon som tilseier behov for ei såpass omfattande utbygging, rår vi til at ein tar ut av planen desse to områda.

Landbruk

Det er ifølje planomtalen ønskjeleg å halde oppe beitetrykket i området slik at ein unngår gjengroing både av omsyn til naturverdiane i naturbeitemarka og landskapet rundt setrestøylen. I tillegg er det sjølvstakt viktig av landbruksmessige omsyn å ta vare på den ressursen som beitearealet utgjer for næringa. Med ei såpass omfattande utbygging som det leggst opp til i denne reguleringsplanen, vil ein måtte forvente at det gir negative verknader for beiting av området. Dette både på grunn av nedbygging og ikkje minst utfordringar med konfliktar mellom ulike interesser.

Konklusjon

Vi rår til at ein tar ut av planen områda BFF2 og BFF6.

Vår kommentar:

Det er ei svakheit at det ikkje gjennomført noko marknadsundersøking som grunnlag for planframlegget. Det er også uheldig av slik hyttebygging vert spreidd utover på mange ulike delområdet i kommunen, noko som gjer det vanskeleg å få økonomi i naudsynte investeringar som veg, vatn, avløp etc då utbygging i kvart område dreg ut i tid.

BFF_2 er eit ope og skredsikkert areal som ligg sentralt til mellom eksisterande og planlagde inngrep og kan nytte delar av same tilkomst som BFF 3. Enkeltbekkasin hekkar spreidd på myrane fleire stadar over Standaleidet, men med størst tettheit lengre aust. Arealet BFF_2 vil uansett verte påverka av ei utbygging og vegtilkomsten f_SKV-3.

BFF_6 vender seg meir mot aust. Arealet vart korta inn i høve varsel om oppstart, for å unngå å gje intrykk av ei utbygging i det flate landskapsrommet mot Standal alpesenter og konflikt med viktig naturtype. Det vart også gitt føringar for å lokalisere ei utbygging vest og sør for den naturlege høgda i terrenget. Ei utbygging her vil likevel bidra til å spreie inngrepa utover og vi rår til å ta ut BFF-6 av planen.

Referatsak:

Saka har vore referert utan merknader i samfunnsutvalet, 31.01.17, i råd for funksjonshemma 06.02.17, levekårsutvalet 01.02.17 og i eldrerådet 09.02.17.

Vurdering og konklusjon:

Områdeplanen for Myklebust setremark opnar for ei større utbygging av fritidsbustader i randområda til Myklebustsetra. Planen legg vekt på å dempe intrykket av nye inngrep i eit ope og sårbart landskap. Sjølve setrevollen vert ivareteken og regulert gjennom føresegner (forvaltningsstrategi) utarbeidd i samråd med fylkeskommunen.

Ei storstilt utbygging av fritidsbustadar vil påverke både opplevinga av landskapet, natur- og friluftsinteressene, utnytting som beite, og privatiseringa av området. Planen tek likevel omsyn til dei utgreidde tema og er tilpassa kjende interesser så langt som råd. Særleg er det lagt vekt på finne eigna lokalisering og gje føringar for å redusere intrykket av utbygging sett frå setrevollen som er eit regionalt kulturmiljø.

Arbeidet med områdeplanen vart starta som eit samarbeid med Myklebust gardslag, men vert fremja som ein rein kommunal områdeplan. Alle plangrep fram til offentlig ettersyn har likevel vore avklara med fungerande leiar i gardslaget. Størst usemje har det vore knytt til utarbeiding av føresegner for setrevollen, der gardslaget ønskjer eit friare regime. Gardslaget sine forslag har vore høyrde direkte og avviste av Fylkeskommunen. Vesentlege lempingar/endingar vil krevje ei ny høyring av planen. Ut frå det grundige arbeidet føresegnene for setrestøylen har vore gjennom med både gardslag og fylkeskommune, ser vi det ikkje realistisk med ytterlegare lempingar basert på dei avklaringar og signal vi har fått undervegs.

Motsegna frå Fylkeskommunen er stadfesta trekt om dei føreslåtte endingane i planen vert innarbeidd. Fylkeskommunen ber likevel kommune å vurdere arealføremålet der omsynssona H570 overlappar med ein del av BFF_E-8 (frittliggande fritidsbustad). BFF_E-8 er no justert og trekt attende slik at føremålgrensa samsvarar med omsynssone H730 som er sjølve det automatisk freda fornminne – tjørehjell, med sikringssone. Vi har vurdert å trekkje føremålgrensa for BFF_E-8 ytterlegare attende til grensa for H570, eller å leggje

på byggjegrense tilsvarande. Vi kjem likevel til at omsynssona H730 som no er synt over BFF_E-8 vil ha same verknad og legg føringar i høve terrenginngrep. Den naturlege delen av BFF_E-8 strekk seg vestover og vi ser ikkje at vi oppnår ytterlegare avklaring med å trekkje føremålgrensa heilt attende til vestveggen på uthuset. Så lenge det ikkje vert gjort terrenginngrep jf omsynssona H570 kan arealet inngå i den naturlege delen av BFF_E-8.

Det ligg ikkje føre noko behovsvurdering og områdeplanen opnar alt opp for ei stor utbygging i randsona rundt Myklebustsetra. For å samle inngrepa og unngå ei utbygging i dei flate myrområda austover mot Standal alpesenter som vil bidra til utslepp av klimagassar (drenering av myr) og gje inntrykk av ei samanhengande utbygging rår vi til å ta ut BFF_6 frå planen, slik Fylkesmannen rår til. BFF_2 ligg derimot inneklemt mellom eksisterande og planlagde inngrep og vil uansett verte påverka av tilkomstveg (f_SKV_3). Vi rår difor til å behalde BFF_2 som ein del av områdeplanen. Vi syner elles til kommentarar under kvar merknad der det også går fram nokre andre mindre justeringar.

Moglegheit for etableringa av eit felles sanitærbygg for setrevollen er eit plangrep som skal bidra til å sikre insitent for bruk og vedlikehald av sela. Etableringa av nye bygg i dette regionalt viktige kulturmiljøet vil vere uheldig både ut frå det heilskaplege kulturmiljøet og landskapseffekten. Nybygg vil også krevje inngrep i form av skredsikring, sjølv om faregrensa for sikkerheitsklasse S1 ikkje er konkret definert. Ei ombygging av eit av dei eksisterande bygga har difor vorte sett på som ei løysing. Eigar av Foldal-hytta har truleg ikkje vore godt nok involvert av gardslaget og ønskjer ikkje ei slik regulering. Vi registrerer at det er strid om heimelen til bruk av hytta, men privatrettslege forhold skal ikkje styre arealbruken og kan avklarast i ettertid. Eit alternativ er å nytte Kolbi-selet (#4), som står delvis til forfall, eller fjøs (uthus) på # 14 som planen opnar for å gjenreise med sitt opphavlege ytre funksjonspreg. Vi landar her på å nytte eit kombinert føremål sel/sanitærbygg på alle disse tre bygga. Føresegna er oppdatert i samsvar med dette og opnar då for ombygging av eit av dei tre nemnde sela til felles sanitærbygg innanfor dei ytre rammene gitt i plankart og føresegna elles. Kva for eit av disse tre bygga som då vert valt til felles sanitærbygg lyt då avklarast privatrettsleg i etterkant.

Wenche Solheim
Rådmann

Gunnar Wangen
fagleiar



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
62/19	Formannskapet	11.06.2019
45/19	Kommunestyret	20.06.2019

Fastsetting av planprogram - kommunedelplan for klima og energi

Samandrag:

«Skriv her»

Rådmannen si tilråding:

Ørsta kommunestyret fastset planprogram for kommunedelplan for klima og energi slik det ligg føre datert 16.04.2019, jf plan- og bygningsloven § 4-1.

Vedlegg:

Planprogram - kommunedelplan for klima og enenergi
Evaluering oppfølging av handlingsplan i dagens klimaplan

Saksopplysningar:

Ørsta formannskap, som planutval, vedtok i sak 83/18 den 18.09.2018 å varsle oppstart av arbeid med kommunedelplan for klima og energi, og leggje framlegg til planprogram datert 23.05.2018 ut til høyring, jf pbl §11-12 og 11-13. Vedtaket lyder:

«I samsvar med plan- og bygningslova (pbl.) § 11-12 og vedteken planstrategi varslar Ørsta formannskap oppstart av arbeid med ny kommunedelplan for klima og energi.

Framlegg til planprogram datert 23.05.2018 vert lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med pbl. §§ 4-1 og 11-13.

Frist for å kome med innspel til planarbeidet og merknader til planprogrammet vert sett til 6 veker.

Kva planarbeidet skal leggje vekt på:

- *Plasten i havet – alt på land som «reiser til sjøs»*
- *Emballasje / minke emballasje – emballasje for alle.*
- *Reiseliv/turisme – buss/toalett*
- *Forsøpling langs vegane (jf. øl-boksar i før)*
- *Fyrst – busstilbodet må vere på plass.*

Føremålet med eit planprogram er å avklare metodikk, organisering, medverknad og viktige tema som skal utgreiast i sjølve planen.»

Det har kome inn følgjande innspel:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal 26.11.2018

«Eksisterande kommunedelplan for klima er frå 2010. Det er utarbeidd ei evaluering av korleis dagens klimaplan har blitt følgt opp. Det er bra, og ein føresetnad for at ein kan bygge vidare på erfaringar og lærdom frå førre planperiode. Vi legg til grunn at planen følgjast opp i budsjettarbeidet til kommunen og at det setjast av tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til arbeidet. Det er også viktig at det er ei nær kopling mellom klimaplanen og kommuneplanen sin samfunns- og arealdel. Alle avgjerder om lokalisering og utforming av næringsverksemdar, bustader, infrastruktur og tenester vil ha verknad på energiforbruk og utslepp i lang tid framover. Vi viser til Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning (2018).

Landbruk

Planprogrammet gjer greie for at ein skal utgreie tiltak innan jordbruk knytt til arealbruk, gjødsellager og tilrettelegging og biogass. Samstundes som landbruket er ei kjelde til utslepp av klimagassar, vil landbruket bli sterkt påverka av klimaendringar, og er også ein del av løysinga på klimautfordringane gjennom produksjon av fornybar energi, materialar og lagring av karbon. Landbruket kan bidra til reduksjon av klimagassar gjennom blant anna god gjødslingspraksis, betre drenering, auka binding av CO₂ i skog og meir bruk av bioenergi og tre som bygningsmateriale.

Eitt tiltak for å redusere klimautslepp frå landbruket er å utnytte metan frå husdyrgjødsel i biogassanlegg. Bedriftsøkonomisk lønsemd og usikker teknologi kan vere

hindringar når det gjeld å investere i biogassanlegg basert på husdyrgjødsel. Felles biogassanlegg med tilsetjing av et høgenergisubstrat, for eksempel fiskeslam, kan gi auka lønsemd for slike anlegg. Det kan vere verdt å greie ut om det er mogleg å stimulere til etablering av eitt eller fleire slike anlegg.

Kommunane er ein viktig landbrukspolitisk aktør og har eit ansvar for å formidle dei nasjonale måla om klimagassreduksjonar innanfor landbruket. I revisjonen av planen bør denne rolla blir synleggjort.

Byggenæringa er ansvarleg for ein stor del av klimagassutsleppa. Det betyr at når kommunen er byggherre, kan den bidra effektivt til reduksjon i klimagassutslepp ved å

planlegge energieffektive bygg der ein brukar klimanøytrale materiale som for eksempel tre.

Mykje har skjedd når det gjeld klima og landbruk siste åra. Landbruksnæringa har mellom anna tatt initiativet til prosjektet «Klimasmart landbruk», der næringa sjølv vil legge til rette for ein meir klimaeffektiv norsk matproduksjon. Eitt av grepa er å utvikle verktøy slik at kvar gard skal kunne ta gode klimaval. Denne satsinga kan det vere naturleg for den kommunale landbruksforvaltninga å delta i saman med lokale faglag og næringsorganisasjonar.

Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging - klima

Klima er eit satsingsområde for regjeringa, og det er heilt avgjerande at kommunane gjer ein innsats i klimaarbeidet. Ein reduserer utslepp av klimagassar ved å effektivisere og samordne arealbruken og transportsystemet. Dette inneber mellom anna at nye bustadfelt blir lokalisert nær dei ulike bygdесentra, og tilrettelegging for mjuke trafikantar ved å etablere/utbetre gang- og sykkelveggar. Det er peika på at planarbeidet skal greie ut tiltak nettopp for å redusere behovet for bruk av bil. Vi viser også til Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal og transport-planlegging. Fylkeskommunen har også utarbeidd ein Regional delplan for klima og energi (2015-2020) med tilhøyrande årleg handlingsprogram. Her kan ein finne mykje nyttig bakgrunnsinformasjon og statistikk i tillegg til oversikt over nasjonale føringar for klima- og energipolitikken.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Vi merkar oss at tilpassing til klimaendringar ikkje inngår som tema i planen. I omtalen om

klimatilpassing skriv kommunen at dei vil behandle dette temaet «... i plan der klimatilpassing inngår». Formuleringa er noko uklår, og vi skjønar ikkje heilt kva kommunen meiner med denne setninga. Fylkesmannen gjer merksam på at det nyleg har kome oppdaterte retningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing som erstattar

retningslina av 04.09.2009. Her har klimatilpassing blitt inkludert i det som tidlegare berre

omhandla klima- og energiplanlegging. I tråd med retningslina meiner vi det vil vere naturleg å inkludere klimatilpassing som eit tema i denne planen. Om planen ikkje vurderer konkrete klimatilpassingstiltak, kan kommunen eventuelt kommentere nærare i kva planar klimatilpassing inngår som tema/omsyn.

Konklusjon

Vi viser til merknadene våre, og vonar at dei kan vere til hjelp i det vidare arbeidet.

Vi

minner også om nettstaden www.miljokommune.no, der der ein kan finne nyttig informasjon

og hjelp også når det gjeld klimaarbeid i kommunane.»

Vår kommentar:

Evaluerer ei statusoversikt over dei tiltaka som er prioritert i handlingsprogrammet i dagens plan. Dette syner manglande eigarskap/ ansvaret for oppfølging av vedtekne klimatiltak og understreker behovet for etablere miljøleining som system med ein metodikk for årleg ajourføring og rapportering i utvikling av utsleppa av klimagassar, knytt til budsjett og økonomiarbeidet.

VØR arbeidar med å sjå på moglegheita av å etablere eit biogassanlegg i kommunen basert på husdyrgjødsel og matavfall. Fiskeslam er lite aktuelt om ein skal kunne nytte bioresten som gjødsel. Kommunen har søkt tilskot og arbeid med å leggje til rette for mottak av bioresten, men prosjektet stoppa opp grunna manglande prioritering internt. Etablering av biogassanlegg synes naudsynt om kommunen som ei stor landbrukskommune skal ha moglegheit til å nå sine vedtekne mål for reduksjon i utslepp av klimagassar.

Tiltak for å redusere utslepp av klimagassar og tilpassing til eit endra klima er to ulike tema som også omfattar ulike aktørar. Det at SPR omtalar begge betyr ikkje at begge må vurderast i same plan. Å utgreie klimatilpassing i tillegg til tiltak for å redusere klimagassutsleppa vil utvide omfanget av planen og forseinke ferdigstilling. Vi ser likevel klare fordelar med å samarbeide med andre kommunar, gjennom nettverk, då kommunane har mykje dei same problemstillingane i høve temaet klimatilpassing. Det er også signalisert frå statleg hald at fylkeskommunane må ta initiativ til å etablere egne nettverk for tema klimatilpassing etter modell frå Trøndelag og Troms. Vi rår til å presisere i planprogrammet at temaet klimatilpassing kan verte omfatta på eit heilt overordna nivå, mest for å avklare om det skal utarbeidast ein eigen meir detaljert plan for dette temaet. Omfang vil også måtte avhenge av kva samarbeid og drahjelp kommunen kan få gjennom eksisterande eller nye nettverk.

Møre og Romsdal fylkeskommune, 16.11.2018

«.....»

Planfaglege merknader

Eit planprogram er gjerne bygd opp på denne måten:

- *Føremålet med planarbeidet*
- *Rammer og retningslinjer – føringar*
- *Dagens situasjon: Kva er utfordringane og kva veit vi?*
- *Viktige spørsmål som planen skal gje svar på*
- *Utgreiingsbehov: Innhenting av kunnskap – eksisterande eller ny*
- *Opplegg for medverknad og organisering av arbeidet*
- *Framdrift*

Vi kommenterer planprogrammet på bakgrunn av denne inndelinga.

Føremålet med planarbeidet

Målet med planarbeidet er omtala fleire gonger i framlegget til planprogram, både i starten og i avsnittet «Alternativ som vil bli vurdert». Dette bør samlast på ein stad.

Rammer og retningslinjer

Ørsta kommune har eit godt utgangspunkt for å utarbeide ein god energi- og

klimaplan.

Framlegget til planprogram viser korleis energi- og klimaplanen er kopla saman med

hovudmåla i samfunnsdelen i kommuneplanen.

Vi vil vise til reguleringsplanen for Ørsta sentrum, der arbeidet er i sluttfasen.

Viktige plangrep her er mellom anna fortetting og gode løysingar for gåande og syklende. Dette

viser korleis ein gjennom planarbeid legg til rette for meir energieffektive løysingar og

bidra til lågare utslepp av klimagassar.

Planprogrammet bør nemne litt meir om dei viktigaste nasjonale og regionale føringane

som gjeld innanfor energi- og klimaområdet. Den regionale delplanen for klima og energi skal leggest til grunn ved kommunal energi- og klimaplanlegging.

Ungdommens

fylkesting har mellom anna laga eit hovudmål til planen: «Innan 2020 skal det vere gjennomført minst fem konkrete tiltak i kvar kommune i fylket for å betre miljøet og redusere klimagassutslepp».

Dagens situasjon: Kva er utfordringane og kva veit vi?

Planprogrammet viser til eksisterande energi- og klimaplan og at det er gjort ei evaluering av denne. Planen sette konkrete mål for reduksjon i utslepp av klimagassar.

Ansvaret vart fordelt på dei einiskilde sektorane i kommunen, men evalueringa viser at

dette vart følgd opp i for liten grad. Klimagassutsleppa i kommunen har auka sidan 2009, medan målet var at utsleppa skulle reduserast med 20 prosent innan 2020.

Det

kunne gjerne ha stått litt i planprogrammet om kvifor ein ikkje nådde måla i den førre

energi- og klimaplanen.

Viktige spørsmål som planen skal gje svar på (tema)

Planprogrammet viser i kapitlet «Alternativ som vil bli vurdert» kva planen skal innehalde. Tema som blir omhandla der må henge saman med det som blir presentert

som utfordringar tidlegare i dokumentet. Dei største kjeldene til utslepp i Ørsta er vegtrafikk, jordbruk og sjøfart og planen skal legge stor vekt på å utgreie tiltak innanfor

desse områda. Det meiner vi er ei rett prioritering. Andre tema som kan vere aktuelle er

arealplanlegging, kommunale innkjøp, energibruk i kommuneorganisasjonen, industri og

avfall.

Utgreiingsbehov

Sjølv om denne planen ikkje utløyer konsekvensutgreiingar etter eiga forskrift, er intensjonen i plansystemet den same: Vedtak skal gjerast på best muleg

kunnskapsgrunnlag. Utgreiingsomgrepet er knytt til dette og må ikkje forvekslast med

plantema. Planprogrammet må vere konkret i kva kunnskap som er bestilt og bygge på

det som vert sagt under utfordringar og kunnskapsstatus. Her bør det også seiast noko om kva metodar som skal nyttast for å hente kunnskap under ulike tema. Er det for eksempel behov for nye undersøkingar om energibruk i kommunale bygg? Er det nødvendig å kartlegge stasjonære utsleppskjelder?

Opplegg for medverknad og organisering av arbeidet

Det er skissert korleis innbyggjarane skal informerast om planarbeidet, men vi saknar ei meir presis oversikt over korleis denne medverknaden skal skje og korleis ein kan involvere flest mogleg av innbyggjarane. Medverknad er langt meir enn å legge planar ut til offentleg ettersyn. Vi vil elles peike på det viktige i at barn og unge sine interesser er tilstrekkeleg ivaretekne, jf. § 5-1 i plan- og bygningslova og rikspolitiske retningslinjer om barn og unge i planlegginga.

For å oppnå best muleg resultat i arbeidet med klima- og energiltak, bør mange ulike aktørar motiverast til handling. Prosessen bør gjerne munne ut i avtalar der også andre aktørar enn kommunen sjølv har forplikta seg til å gjennomføre tiltak. Samarbeid med frivillig sektor kan vere nyttig. Arbeidet med ein klima- og energiplan kan vere ei anledning til å ta initiativ til kontakt med næringsliv og industri for å kartlegge mulege tiltak.

INNSPEL TIL PLANARBEIDET

Innspel til tema

Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtok ein regional delplan for klima og energi 2015- 2020 i 2015. Denne planen skal leggst til grunn for regionale organ si verksemd i fylket, samt for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen. Emna i den regionale planen vil vere sentrale også for kommunale energi- og klimaplanar:

- *Energiproduksjon og energibruk: Korleis auke bruken av fornybar energi, til dømes bioenergi?*
- *Stasjonær energi: Kommunen kan bidra mykje med å redusere utslepp frå byggsektoren gjennom for eksempel energieffektiviseringstiltak/energistyring, konvertering frå oljekjel til elkjel, fjernvarme osv.*
- *Landbruk: Ørsta er ein stor landbrukskommune og landbruksnæringa har eit potensiale i å redusere klimautsleppa gjennom til dømes god agronomi (for eksempel tilpassa gjødsling og god drenering).*
- *Samferdsel: Korleis legge til rette for å auke andelen syklande og gåande, korleis auke andelen som reiser kollektivt, auke i andelen elbil?*
- *Reiseliv: Reiselivet i Ørsta er veksande og det er eit mål å auke verdiskapinga i kommunen og i regionen, jamfør framlegget til masterplan for reiselivsutvikling. Energi- og klimaplanen kan vise til korleis næringa kan gjere reiselivet meir berekraftig.*
- *Kompetanse: Auka kunnskap om berekraftig utvikling kan endre haldningar hos individ, bedrifter og organisasjonar. Planen bør vise korleis innbyggjarane kan få auka kunnskap om klima- og energispørsmål.*

KONKLUSJON

Vi viser til merknadene ovanfor og ber om at desse vert tekne omsyn til. Vi bed om å få tilsendt det vedtekne planprogrammet».

Vår kommentar:

Føremålet med planen står i første avsnitt. Planprogrammet gjeld organisering av arbeidet. Sjølve planen vil innehalde meir utfyllande informasjon om sentrale føringar. Det er utarbeidd ei eiga evaluering av oppfølginga av dagens plan. Utover hovudkonklusjonen er ikkje innhaldet gjenteke i planprogrammet. Det er etablert EOS for kommunal bygg og det er ikkje behov for ny utgreiingar av energibehovet for kommunale bygg no, men også energileiinga må verte betre.

Det har vore vanskeleg å få samarbeidsnettverket til å fungere og det framstår framleis uklar kva dette nettverket vil kunne bidra med til utgreiingar og innhenting av kunnskap utover å hjelpe til med organiseringa av sjølve medverknadsprosessen. Det er fokusert på dei store utsleppssektorane og punktet om utgreiingar er noko omskrive utan endringar i innhaldet.

Planen legg bevist opp til ei avgrensa medverknad utover eigne temamøter gjennom nettverket med sentrale aktørar i næringslivet, frivillege lag og organisasjonar. Leiarane i ungdomsråda har fått direkte informasjon om planarbeidet. Dette ut frå avgrensa kapasitet og ressursar til planarbeidet.

NVE, 21.11.2018

«.....

Tilpassingar til klimaendringar inngår ikkje i planarbeidet, og planprogrammet omfattar i liten grad NVE sine saksområde. NVE har ingen særskilde merknader til varselet og ynskjer lykke til i planarbeidet».

Statens vegvesen, 23.11.2018

«Ein stor del av klimautsleppa kjem i dag frå vegtrafikken. Statens vegvesen ser på samordna bustad-, areal- og transportplanlegging som eit svært viktig verkemiddel og styringsverktøy for å kunne handtere klimautfordringane. Fortetting i gang-/sykkelavstand til m.a. sentrumsfunksjonar, arbeidsplassar, skular og kollektivtilbod er ei føresetnad for å kunne oppnå reduksjon i utslepp. Skal ein få til dette må det etablerast gode og trafikksikre løysingar for gåande/syklende og eit godt kollektivtilbod. Alle tiltak må vere universelt utforma. Det må også leggest vekt på haldningsskapande arbeid, for å auke motivasjonen til bruk av miljøvennleg transport. Tilrettelegging for miljøvennleg bilbruk i form av etablering av ladestasjonar vil også vere eit naudsynt tiltak.

Ovannemnde punkt er i hovudsak omtala i planprogrammet. Statens vegvesen har difor ikkje ytterlegare merknadar. Til informasjon viser vi til vår nettside som syner Statens vegvesen sine satsingsområder mtp. miljøet, som i tillegg også omfattar planlegging, bygging og drift/vedlikehald av vegnett».

Vår kommentar:

Utgreiing av tiltak for å redusere behovet for bruk av bil, kombinert med tilrettelegging for utsleppsfri transport og auka bruk av kollektiv og gange/sykkel er prioritert i planprogrammet. Utslepp frå transport er største direkte utsleppssektor for alle kommunane og planen var å utgreie dette samla for alle kommunane i nettverket. Det har ikkje lykkast å kome i gang med denne utgreinga gjennom nettverket og organisering/oppfølging er pr dato usikker, men avgjerande for innhaldet i planen.

Avinor, 02.11.2018

«For Avinor er det viktig om det kunne legges til rette for en kollektivforbindelse (buss) til Ørsta- Volda lufthamn Hovden, som et miljøvennlig alternativ til bruk av privatbiler. I den forbindelse er det nødvendig å få etablert en rundkjøring i stedet for T-kryss mellom Torvmyrvegen og E39. Rundkjøringen ligger inne i gjeldende reguleringsplan for «Flyplassområdet med deler av Hovdebygda», egengodkjent av Ørsta kommunestyre 31.03.2011.

Like viktig som å få på plass en ny rundkjøring i Hovdebygda, vil det være å få til en forlengelse av Torvmyrvegen. Det vil kunne medføre en bedre logistikk med gjennomgående busstilbud forbi lufthamna.

Avinor har ingen øvrige merknader til planprogrammet».

Vår kommentar:

Det er regulert rundkjøring i flyplasskrysset på E39. Finansiering og bygging er førebles uavklart. Spørsmålet om eventuell lenging av Torvmyrvegen vestover er ikkje tema her og vurdert i samband med kommunedelplan for E39 Volda-Furene.

Det er elles slik at utslepp frå luftfart ved Ørsta-Volda lufthamn i si heilheit kjem på Ørsta kommune i MD sin statistikk då flyplassen ligg i Ørsta kommune. Det er utslepp opp til 1000 fot i samband med inn og utflyging som her vert registrert. Dette utgjer mellom 600-800 tonn CO2 ekvivalentar, eller knapt 2 % av dei registrerte direkte utsleppa innan kommunen sine grenser.

Mattilsynet, 19.11.2018

«.....

Konklusjon

Mattilsynet ser ikkje at reguleringa vil medføre konsekvensar for våre forvaltningsoppgåver i dette tilsynsområdet. Mattilsynet avd Sunnmøre har ingen merknader til oppstart av planarbeidet som utreda for Ørsta kommune»

Direktoratet for mineralforvaltning, 22.11.2018

«.....

Transport av mineralressursar

DMF registrerar at framlegg til planprogram nemner at det skal gjennomførast ei transportanalyse med tiltak for å reduser biltrafikk. Tilknytt dette tema oppfordrar vi til at tema om frakt av mineralressursar vert teke med i transportanalysen. DMF anbefalar ut i frå eit klima- og miljøperspektiv at transportavstandar ikkje blir for lange.

Transport og frakt med bil kan nyttast som ein indikator på CO2 – utslepp.

Kommunen

bør gjere ei vurdering av dagens situasjon knytt til frakt av byggeråstoff og gjere greie

for betydinga av lokale masseuttak for kortare fraktavstandar.

Det er òg slik at kostnadar knytt til transport av byggeråstoff aukar i takt med avstand

mellom uttak og der massar skal nyttast. I den samanheng kan vi vise til Harde fakta

om mineralnæringa – mineralstatistikk 2017 som er tilgjengeleg på våre nettsider.

Særlig relevant i dette tilfellet er kapittel 10, Miljø og bærekraft, som blant anna gjer greie for tilhøvet mellom byggeråstoff og klimautslepp frå mineralnæringa som følge

av transportavstandar.

Mineralressursar er ikkje-fornybare ressursar som berre kan nyttast der dei finst naturleg. God lokal utnytting av mineralske førekomstar er derfor viktig, slik at ein unngår å måtte frakte byggeråstoff over lange avstandar. Ifølge Noregs geologiske undersøking (NGU) sine databasar er det i Ørsta kommune registrert mange grus- og

pukkførekomstar av lokal og regional betyding. DMF har registrert uttak i drift ved 6 av

førekomstområda. Det er framleis fleire førekomstområdar i Ørsta kommune som har

potensiale for mineralutvinning.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida

vår på www.dirmin.no.»

Vår kommentar:

I følgje mineralstatistikken vart byggeråstoff i 2016 i snitt transportert med bil knapt 14 km/tonn i Møre og Romsdal mot 18,3 km/tonn for heile landet. I statistikken til Direktoratet vert det lagt til grunn eit utslepp på ca 2 kg CO₂ per lastebillass (25 tonn) per transportert km. I nasjonal transportplan 2018-2029 legg ein til grunn at innan 2030 skal 50 % av nye lastebilar vere nullutsleppskøyretøy, noko som vil redusere utsleppa frå slik transport monaleg. Dette krev tilrettelegging lokalt i form av hurtigladdestasjonar, fyllestasjonar for hydrogen og/eller biogass.

Bergens sjøfartsmuseum, 22.11.2018

«Vårt ansvarsområde, etter føresegn til Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminne, gjeld marine

kulturminne og omfattar derfor sjø- og strandområda, samt vann og vassdrag.

Bergens

Sjøfartsmuseum er etter føresegna til Kulturminneloven marinarkeologisk uttalemuseum i forbindelse med alle tiltak som råkar sjøbotnen.

Museet er vidare rette myndigheit til å krevje undersøkingar ved tiltak, planer og utreiingar som vil kunne råka kulturminne under vann, og skal derfor underrettast ved start av alle regulerings og byggeplanar, samt andre tiltak som omfattar sjøareal. Vi minner om at undersøkingsplikta i Kulturminnelovens § 9 også gjeld for sjøbotnen og i vassdrag. Døme på tiltak i sjø er mudring/graving, utfylling/dumping, legging av vassleidningar, bygging av kaier, brygger, flytebrygger med meir.

Særskild for kulturminne i vatn og sjø er Kulturminnelovens § 14 som inneber at skip- og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom.

Varslinga skal skje gjennom Møre og Romsdal fylkeskommune kulturavdelinga, eventuelt med kopi av sakene direkte til oss for uttale. Alle saker må leggjast fram for fylkeskommunen, som er mottak for alle plan- og tiltakssaker. Våre vurderingar av kva for planer som krev særskilte undersøkingar vil bl.a. ta utgangspunkt i føreliggjande kunnskap om førekomstar av kulturminne, eventuelt en vurdering av regulerings-/ tiltaksområdets potensial for marine kulturminne.»

Kystverket, 12.12.2018

Fra de Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging kan følgende nevnes;

- En økt satsing på en konkurransedyktig godstransport og en berekraftig transportmiddelfordeling er nødvendig. Det er et nasjonalt mål at en større andel av godstransporten skal skje på sjø og jernbane. Fylkeskommunene og kommunene i samarbeid med statlige fagmyndigheter har ansvar for at godsterminaler og havner prioriteres i planleggingen. Godsterminaler og havner utvikles som effektive logistikknutepunkter, og farledene for skipstrafikken tas hensyn til. Virksomheter som skaper tungtransport bør søkes lokalisert til områder med god tilgjengelighet til jernbane, havner og hovedveinett". Samt at "det settes av tilstrekkelige arealer for næringsutvikling som ivaretar næringslivets behov, og som er lokalisert ut frå hensynet til samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging".

Fra de statlige planretningslinjene fremgår det:

- Utbyggingsmønster og transportsystem må samordnes for å oppnå effektiveløsninger, og slik at transportbehovet kan begrenses og det legges til rette for klima og miljøvennlige transportformer. Videre fremgår det at; Effektiv og sikker trafikkavvikling og god framkommelighet for næringstransport må vektlegges i planleggingen. Virksomheter for godstransport bør lokaliseres med god tilgjengelighet til jernbane, havn eller hovedvegnett

I nasjonal havnestrategi er målsettingen

- Effektive og konkurransedyktige logistikknutepunkt. Regjeringen satser bl.a. på styrking av stamnetthavnregimet og å legge til rette for sterkere og mer robuste havner gjennom havesamarbeid.

Vi nevner også **Maritime muligheter – blå vekst for grønnfremtid**, regjeringens maritime strategi som kom i 2015.

Av **Meld.St. 35 "På rett kurs"**, som kom i juni 2016, vil Regjeringen blant annet;

- legge til rette for utvikling av en konkurransedyktig, sikker og miljøvennlig sjøtransport og en effektiv beredskap mot akutt forurensning som forhindrer og begrenser miljøskade".

Skipstrafikken i norske farvann har økt siden 2005. I dag domineres trafikken av passasjerskip, stykkgodsskip og fiskefartøy. Målt i utseilt distanse, har Vestlandet den mest omfattende trafikken. Prognosen for utvikling i skipstrafikken frem mot 2040 tilsier en samlet økning i utseilt distanse på 41 prosent.

Kystverket har gjennom flere hundreår arbeidet målbevisst med å tilrettelegge for miljøvennlig sjøtransport til/fra kysten ved etablering av lokale havner og utdypinger/innkorting for sikrere farleder med tilhørende etablering av navigasjonsinnretninger langs hele kysten. I sin tid en forutsetning for nasjonens ve og vel,

og ikke minst for befolkningen langs kystnorge. Med rimelig sikkerhet også en framtidig forutsetning med havrommet som satsingsområde og et samtidig internasjonalt galopperende fraktbehov som ikke kan løses med andre kjente transportformer. Vi har målbevisst satset på solcelle- og nyere led-teknologi med egne strenge krav til leverandører, som har gitt oss muligheten til kraftig redusert strømforbruk. Samtidig også uavhengighet til strømforsyning fra nettet, som i lange uværsperioder også kan medføre slukking av fyrlykter, og derav mindre trygg ferdsel på sjø i krisetilfeller. I våre områder gjerne opptredende når sjøen er eneste farbare samferdselsmulighet. Teknologien er også stabil med mindre vedlikehold og derav bruk av fartøy til slike oppdrag. Som følge av teknologiendringene er også bruken av diesellaggregat ved fyra redusert betydelig og derav også drivstoffleveranser med båt. Våre eldre fartøy skiftes tilsvarende ut jevnlig med nyere, der mer miljøvennlig teknologi reduserer fotavtrykket samtidig som fartøya er bedre tilpasset nyere lensetyper til bruk i akuttberedskapen på sjø. Loser utdannes og oppdateres jevnlig for i størst mulig grad å opprettholde sikkerheten for den økende sjøtransporten med mål om færrest mulig uheldige hendelser og miljøpåvikning fra sjøtransporten. Iflg. planforslaget skal det legges vekt på å utrede tiltak innen de lokale utslippskildene. Herunder tiltak innen sjøfart som fyllestasjoner for hydrogen og landstrøm. Vi kan opplyse at Stranda kommune og Stranda havnevesen har gjort utredninger for disse opp mot hverandre. Vi er rimelig sikker på at de vil være behjelpelig med faktaopplysninger og gode råd i det videre arbeidet. Her også investeringskostnader opp imot brukerpotensial som bør kartlegges nøye. Eller ingen merknader til planprogrammet.

Vår kommentar:

Stranda kommune er med i nettverket og erfaringar frå arbeidet med prosjekt Hellesylt Hydrogen Hub vert med i arbeidet vidare. Planen har vore å sjå på utgreiinga av moglegheiter innan sjøfart samla då sjøtransport er ei stor utslippskjelde for fleire av kommunane som må følgjast opp med tiltak lokalt.

Tussa, 22.11.2018

«Aller først vil eg seie at det er positivt at kommunen tek tak i dette. Berekraftig energiproduksjon og - bruk er truleg den største utfordringa vi står overfor i dette hundreåret. Sjølv om rein energi og klima berre er to av FN sine 17 berekraftsmål, vil berekraftsmålet om rein energi vere ein grunnleggjande føresetnad for å oppnå dei fleste andre 16 berekraftsmåla.

I høyringsdokumentet er det vist til ei evaluering av eksisterande energi – og klimaplan. Eg fann ikkje det dokumentet i utsendinga. (Det er ikkje avgjerande)

Mine konkrete innspel:

Målet for arbeidet må vere å minimere utsleppet av klimagassar samstundes som det er attraktivt å bu og drive næringsverksemd i kommunen.

Forvaltningsplanen må difor fastleggje overordna føringar for at samfunnsutvikling blir styrt i ei slik retning, men det er ikkje nok med ein overordna plan. Innbyggjarar, næringsliv og offentlege instansar er det som verkeleg skal gjennomføre for å oppnå dei ønska klimamåla. Dei må bli mobiliserte. Då er det viktig at aktørane blir motiverte til å levere gode klimaresultat. Sekundering er motiverande for å prestere, det er difor viktig å måle for å vise at utviklinga går i rett lei. Planen bør difor kunne brytast ned i korte periodemål med tilhøyrande sekundering. Planen må då også fokusere på kva som skal målast og aller helst i kvantitative storleikar som er klimarelevante.

Eg registrer formannskapet sitt vedtak om føringar om kva planarbeidet skal leggje vekt på. Punkta som er lista er viktige, men fleire av dei er ikkje viktige i ein plan som skal ha fokus på energi og klima (klimagassar).»

Vår kommentar:

Det skal i følge planprogrammet gjennomførast eigne temamøter med i regi av nettverket der sentral aktørar som St. vegvesen, Kystverket, Avinor, Nettbuss, Fjord1, Tussa energi, Mørenett, Ørsta eldhus, Volda og Ørsta reinhaldsverk og frivillege lag og organisasjonar. Ei større mobilisering ut over dette kan vere eit konkret tiltak som planen peikar ut, men må då også følgjast opp av ressursar.

Planprogrammet syner attende til evaluering av eksisterande plan som peikar på behovet for å etablere ein metodikk (td klimagassrekneskap) for årleg ajourføring av klimagassutsleppa. Det vert også peika konkret på Miljødirektoratet sitt nye digitale verktøy over direkte utslepp fordelt på kommune og tiltaksberekningar som vurdering av klimaeffekt av einskild tiltak.

Lista til Formannskapet over kva planen skal legge vekt på gjeld miljøtiltak (forsøpling) elles og i liten grad tiltak som kjem direkte inn under ein kommunedelplan for klima og energi. Her lyt ein fokussere på dei store utsleppskjeldene, både av direkte og indirekte utslepp.

Fremtiden i våre hender, 18.11.2018

«Det er viktige tema som er i fokus her, og ein må halde oppe trykket for å få ned klimagassutsleppa i kommunen. Vi meiner at det offentlege har eit stort ansvar både som ein

viktig aktør i samfunnet, med stort klimaavtrykk, men og som eit føredøme. Når klimagassutsleppa i Ørsta Kommune har gått opp i føregående planperiode, vil vi understreke kor viktig det er å ha kontroll på dette, og ser på det å ha eit klimabudsjett som eit godt verktøy i denne samanheng.

Det er og fleire kommunale føretak som er Miljøfyrtårn, dette er ei sertifisering som går både på avfallshandtering, transport, innkjøp og energiforbruk i høve miljø. Ein bør satse på at dei fleste kommunale arbeidsstader vert sertifisert som Miljøfyrtårn, og dette er eit

svært viktig

tiltak for å nå måla i klimaplanen. Fairtradesertifiseringa kan også inngå som ein del av dette.

Transport er ei stor utsleppskjelde til klimagassar, som nemnt i forslaget til planprogrammet.

I tillegg til å jobbe for auke av kollektivtilbodet, og tilrettelegging for syklende og gåande, vil

vi nemne elsykkel. Der har Farkvamen Barnehage og dei kommunale fysioterapeutane sett i

gong eit godt tiltak med innkjøp av elsyklar for å redusere antal tilsette som køyrer bil. Dette

er med på å redusere mikroplastutsleppa til sjø/vatn, der slitasje av bildekk er den største

syndaren. Elsykkel gir ikkje luftforureining eller støy i bruk, ein sparar areal til parkering og

det gir god helsegevinst i form av fysisk aktivitet.

Det bør og vere meir fokus på ulike gå til skulen og jobb tiltak, til dømes begrensa tilgong for

bil, køyregodtgjersle for gåande/ syklende, konkurranser og haldningskapande arbeid.

Eit anna forslag er å setje krav til reiser i offentleg regi, at desse må gjerast på mest

mogeleg miljøvenlege måte for å verte dekt av kommunen.

Forbruk og forbrukspress er ei stor utfordring, spesielt for utsette grupper med svak økonomi. Mange kommuner har hatt suksess med utlånssentralar av ulikt utstyr, for

eksempel i tilknytning til bibliotek eller frivilligsentralar. Dette kan vere friluftssportutstyr, verkty eller liknande. Me ser positivt på det arbeidet som har vore gjort med at der er

klassemett av ulikt utstyr på skulane, dette bør også vidareførast og utvidast.

Mat er og ein stor kjelde til klimagassutslepp. Det er sagt at om matsvinn var eit land, ville

det hatt verdas tredje største utslepp av klimagassar. Der er fleire kommunar som har meldt

seg som "Matvinn-kommuner" gjennom Framtiden i våre hender. Dei har mellom anna jobba

med undervisning om kor lenge ulike matvarer held seg, og at det er forskjell på ulike typar

datomerking. Dagens unge har og mykje å lære om å nytte restemat og ta vare på maten.

Kanskje det går an å samarbeide med butikkane om å få mat som ellers hadde vore kasta

som råvarer til matlaging i skulen?

Kjøttforbruket er og eit viktig moment når det gjeld klimagassutslepp. I 1979 åt vi ca 54 kilo

kjøtt i året per person, i 2016 var dette talet nesten 81 kg per person. I tillegg har folketalet

auka. Kjøttforbruket har ca 10 gonger større klimagassutslepp enn grønnsaker. Tiltak

her kan vere å ha vegetariske alternativ der det vert servert mat, og gjerne redusere mengda kjøt som vert servert når det vert servert kjøt. Ein kan med fordel innføre "Kjøttfri mandag", og ha fokus på dette også i skulesamanheng. Difi har ein del informasjon om offentlige innkjøp av bærekraftig mat og drikke (anskaffelser.no), vi viser og til Framtiden i våre hender sine rapportar som ligg digitalt. (framtiden.no)»

Vår kommentar:

Det er eit mål i dagens klimaplan at minst 3 kommunal einingar vert miljøfyrtårnsertifisert kvar valperiode. Førabels er ingen sertifisert. Å miljøfyrtårnsertifisere kommunen etter hovudkontormodellen vil kunne vere eit godt grunnlag for eit miljøstyringssystem.

Kommunen har søkt og fått klimasatsmidlar til innkjøp og utleige av el-syklar og etablering av eit sykkelhotell ved Mørebil. Prosjektet har likevel ikkje vorte følgt opp og tilskotet vert betalt attende. For å redusere bruken av bil og auke andelen som nyttar kollektivt og gange/syssel lyt ein kombinere både positive og innskrenkande verkemiddel. Det er dette som ligg i planprogrammet si utgreiing av tiltak for å redusere bruk av bil, tilrettelegging for utsleppsfri transport, herunder ladeinfrastruktur og auka bruk av kollektiv og gange/syssel.

Småjobbsentralen disponerer noko friluftssport og sportsutstyr for utlån som dei har overteke frå frivilligheitssentralen. Finansiering har vore gjennom ulike tilskotsordningar retta mot lågterskel fysisk aktivitet. Tiltak for å redusere matsvinn vil vere ein naturleg del av planarbeidet.

Barne- og ungerepresentant, 13.11.2018

«Rikspolitiske retningslinjer for å ivareta barn og unges interesser i planleggingen set som krav at kommunen skal organisere planprosessar slik at barn og unge får høve til å delta og at barn og unge sine synspunkt kjem fram. I følgje planprogrammet vil ein involvere ungdomsråda ved leiarane. Dette er positivt. For å sikre at barn og unge sine synspunkt kjem fram bør medverknadsopplegget vere tilpassa barn og unge som målgruppe. For å sikre eit meir representativt utval bør ein vurdere å involvere fleire enn berre leiarane av ungdomsråda.

Vår kommentar:

Leiar i ungdomsrådet er også teke med i styringsgruppa for klimanettverket og deltek også i den lokale administrative arbeidsgruppa. Dette for å kunne påverke og få informasjon om arbeidet og moglegheit til å involvere sine i arbeidet.

Landbruksnemnda, sak 42/18

1. *«Ørsta Eldhus må legge til rette for bruk av lokalt trevirke.*
2. *Biogassanlegget på Melsgjerdet må få eit miljørekneskap som legg til rette for bruk av biogass også lokalt.*
3. *Biogassanlegget og eldhuset må få til ei samhandling»*

Vår kommentar:

Intensjonen med eit biobrenselanlegg var å utnytte tilgjengeleg lokalt råstoff (trevirke). Kommunen ba Tussa realisere prosjektet som no er Ørsta Eldhus.

Eldrerådet sak 40/18,

«Eldrerådet tek rullering av energi og klimaplan til vitende»

Samfunnsutvalet sak 86/18,

Samfunnsutvalet tek rullering av energi og klimaplan – høyring, til vitende

Råd for likestilling av funksjonshemma sak 28/18,

Tilskotet til kommunane for arbeidet med klimaplan må hevast, jf. «Framlegg til planprogram» s. 3, siste avsnitt.

Vår kommentar:

Det er gode tilskotsordningar både gjennom ENOVA og no Miljødirektoratet sine klimasatsmidlar. Dette er ikkje noko vi kan påverke gjennom klimaplanen, men ei moglegheit for finansiering av dei tiltaka som vert prioritert i planen.

Elles har ungdomsråda på Søre Sunnmøre fått orientering om arbeidet med klimaplanar på eit felles møte hausten 2018. Ungdomsråda for Volda og Ørsta kom då med nokre innspel til arbeidet i e-post datert 06.11.2018. Av tiltaka det vart peika på var:

- Spinningsyklar som genererer straum på skular og treningssenter
- Gatelykter på berre når det trengst, lyssensora på offentlege bygg, buss og i heimane
- Betre kollektivtilbod: oftare avgangar, billigare, ungdomspris på korte busstura
- Tilrettelegging for mjuke trafikantar, gode sykkelveggar
- Kommunale bilar elektriske
- Fleire ladestasjonar for el-bilar
- Hydrogenbilar – båter og el-ferge
- Kommunale middagar skal vere kvitt kjøt
- Tog/trikk, gåbuss til skulen
- Kildesortering på skulen og offentlege stadar
- Redusere plastforbruk, tiltak mot gummigranulat
- Handlenett
- Miljø i undervisning
- Høgre pris på importvarer

Vurdering og konklusjon:

Å stanse klimaendringane er eit av FN sine 17 bærekraftsmål, men også ein føresetnad for å kunne nå fleire av dei øvrige måla.



Kvar nordmann slapp i 2017 i snitt ut 8,4 tonn CO₂, mot eit globalt snitt på 4,8 tonn CO₂ ekvivalentar. Den globale snitt konsentrasjonen av CO₂ i atmosfæren var for først gong over 400 ppm i 2016 og vil passere 450 ppm om ca 30 år med dagens utsleppstakt.

Kommunane har ei sentral rolle og kan påverke klimagassutsleppa på mange område. Ny statistikk syner utvikling i utslepp og opptak av klimagassar fordelt på kommunenivå.

Sidan planprogrammet var utarbeidd har det også kome ein ny FN rapport som syner både større konsekvensar av ei oppvarming til 2 grader enn tidlegare antatt og at det framleis er mogleg å avgrense den globale oppvarminga til 1,5 grad. Men då må det kuttast raskt og effektivt i alle land og alle sektorar. I tillegg må det gjerast ein stor innsats for å binde CO₂ som alt er slept ut.

Basert på innspel som har kome og arbeidet fram til no rår vil til å ta inn leiar i ungdomsrådet i den administrative arbeidsgruppa. Denne gruppa har alt hatt fleire møter og blant anna søkt midlar gjennom ordninga klimasats frå Miljødirektoratet. Vi rår elles til å ta inn ei pressissering i føremålet om at også kommunen si rolle som eigar av andre selskap skal vurderast.

Sidan varsel om oppstart har det kome ei ny revidert planretningsline for klima og energitilpassing. Dette er teke inn i planprogrammet. Planretningslina er no delt i to med klimatilpassing som nytt tema saman med klima og energiplanlegging.

Samarbeidsnettverket har ikkje fungert etter intensjonen og grunna manglande avklaringar på kva som kan gjennomførast av utgreiingar i regi av samarbeidsnettverket synes det naudsynt å utsette framdrifta i planarbeidet. Utgreiingar som det var føresett gjennomført felles for kommunane må gjennomførast i eigen regi og nytten av nettverket vert då i praksis redusert til organisering av sjølve medverknadsprosessen og erfaringsutveksling. Dette er endra i planprogrammet og framdriftsplanen lyt også endrast med forventa ferdigstilling 4 kvartal i 2020. Det vert då lagt opp til å nytte av kommunen sine egne midlar til klimatiltak som finansiering av utgreiingar for planarbeidet.

Grunna manglande eigna møtefora har ein i praksis også redusert styringsgruppa frå heile rådmannsgruppa til nokre utvalde rådmenn, ein representant frå fylkeskommunen (landbruksdirektøren) og representant for ungdomsråda.

Medverknadsprosessen er bevisst halde nede på eit lågt omfang då vi har avgrensa kapasitet og erfaringsmessig ser at det kjem lite ekstra ut av omfattande prosessar.

Netto opptak i skog og annan arealbruk har vorte redusert frå 2010 til 2015. Vi rår til å ta inn ei presisering i planprogrammet om at aktuelle tiltak må vurderast.

Klimatilpassing har kome inn i den nye statlege planretningslina. Det er ikkje teke stilling i planstrategien til om dette skal gjerast som ein eigen plan eller inngå som tema i td samfunnsplanen. Vi ser likevel klare fordelar med å samarbeide med andre kommunar, gjennom nettverk, då kommunane har mykje av dei same utfordringane. Temaet omfattar likevel andre fag/område og vil utvide arbeidet monaleg og forseinke prosessen. Vi har teke opp temaet i klimanettverket utan å kome fram til noko klar konklusjon. Det er også signalisert frå statleg hald at fylkeskommunane må ta initiativ til å etablere eigne nettverk for tema klimatilpassing etter modell frå Trøndelag og Troms. Vi rår no til å presisere i planprogrammet at temaet klimatilpassing kan verte omfatta på eit overordna nivå, mest for å avklare om det skal utarbeidast ein eigen meir detaljert plan for dette temaet. Omfang vil også måtte avhenge av kva samarbeid og hjelp kommunen kan få gjennom eksisterande eller nye nettverk.

Vi har elles gjort mindre meir kosmetiske endringar og samla oppstillinga av aktuelle delutgreiingane.

Avsnittet om mogleg lenging av leidningsnett til Ørsta Eldhus fram til eit biogassanlegg på Melsgjerdet er teke ut då dette pr dato ikkje synast særleg aktuelt. Moglegheit for utviding av leidningsnett vil likevel vere eit konkret tema i dialogen med fjernvarmeaktøren, jf også merknad frå landbruksnemnda.

Det er også lagt til 3 vedlegg til planprogrammet. Dette er gjeldande kommunedelplan for klima vedteken i kommunestyret 18.03.2010, Evaluering av oppfølginga av dagens klimaplan, statlige planretningsline for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing 2018

Vi rår til at planprogrammet vert fastsett slik det no ligg føre, sjølv om nokre punkt ideelt sett burde vore betre avklara.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Konsekvensar for folkehelsa:

Miljøkonsekvensar:

Økonomiske konsekvensar:

Beredskapsmessige konsekvensar:

Konsekvensar for barn og unge:

Wenche Solheim
Rådmann

Gunnar Wangen
fagleiar



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
76/19	Formannskapet	18.06.2019
46/19	Kommunestyret	20.06.2019

Sluttrapport Dalane barnehage

Samandrag:

Ørsta Kommunestyre avsette totalt 9,6 millionar i 2016 og 2017 for å auke kapasitet ved Dalane barnehage.

Administrasjonen starta arbeid med utforming av løysing våren 2017. Det var eit målkrav å etablere eit tilbygg som skulle gi plass til 18 nye barnehage plassar til born over 3 år.

Prosjektet vart realisert i barnehageåret 2017-2018 og levert i samsvar med politiske føresetnadar.

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret godkjenner prosjektøkonomien og sluttrapport for prosjekt tilbygg ved Dalane barnehage.

Utbygginga er gjort til ein samla kostnad på kr 9 024 363 og er gjennomført innanfor vedteken ramme.

Vedlegg:

Dalane barnehage - Vest kontroll
Kommunestyresak 65 17 - Finansiering tilbygg
Kommunestyresak 97 16 Budsjett 2017 Bygging - utdrag.
Revisjonsuttale prosjektrekneskap
Kommunestyresak 121 15 Budsjett 2016 Forprosjekt - utdrag.

Saksopplysningar:

Forprosjektet og løysinga vart utarbeida i samarbeid mellom seksjon eigedom og seksjon barnehage.

For å innfri funksjonskrav og arealkrav vart tilbygget større enn ein kunne forvente og realisere innanfor dei opphavelige vedtekte rammene på 6,5 mill.

Ved inn henting av entreprisetilbod bad kommunen om opsjonsprisar på betre driftstekiske løysingar. Opsjonsprisane vart presenterte for kommunestyret, og nødvendige midlar vart gitt i k.sak 65/17. Kommunen gjorde følgjande vedtak:

1. *Kommunestyret vedtek å auke ramma for tilbygg Dalane barnehage med kr. 2.026.075,- Summen skal innarbeidast i budsjettet for 2018.*
2. *For å i møtekomme behovet for eit betre anlegg på Dalane barnehage med tanke på*

riftskostnadar i framtida, vert det i tillegg vedtatt å auke ramma i tråd med vedlagde opsjonar på kr. 1 141 250,-

Samla vedteken ramme vart då 9 667 325,- inkludert mva. jamfør vedlegg.

Kommunen signerte totalentreprisekontrakt med Tømrer Service as den 05.10.2017.

Entreprisen var gjennomført i hht kontrakt og bygget vart overtatt 05.07.2018.

Prosjektet vart leia av prosjektleiar med god hjelp frå styrar i Dalane barnehage. Dei samla prosjektkostnadane vart til slutt kr 9.024.363,27 inkl.mva. Rest på budsjett 642 962 kr.

Vurdering og konklusjon:

Det nye tilbygget er no tatt i bruk og kapasiteten ved Dalane barnehage er betra i samsvar med den politiske viljen. Bygginga er gjennomført innanfor vedteken ramme. Kommunerevisjonen og kontrollutvalet har gått gjennom byggerekneskapen og ein rår difor til at prosjektøkonomien vert godkjent og avslutta.

Wenche Solheim
Rådmann

Irene Graskopf
seksjonsleiar